

*Utgjeve av Jølster Mållag*

*1996 – 13. ÅRG.*



# Linnea

Av Klara Hjellbrekke Kuløy

Klokka i det kvite rommet gjekk så sakte.  
Kvite kvinner gjekk ut og inn og venta.  
Ho som skulle bli mor, venta aller mest.

Augustdagen var kvelande varm.  
Innimellom skrika frå dei som venta på å bli mor,  
hørdest taktfaste skritt frå travle menneske på gata.

Dagen var ny og ukjent.

To skrik. Eit frå mor og eit frå barnet gjekk over  
til ei ny verd for begge.

Gleda overtok søvnen og natta.

Ho som var blitt mor, gjekk i tankane på besøk  
til dagar og tider og kjære ting for å fortelje  
om si nye lykke.

Ho såg seg sjølv hoppe berrføtt i tunet den dagen  
gauken gol.  
Ho møtte pinseafta med rogn og heggeblomstring.  
Ho såg seg som barn som lukta på dei første soleiene,  
og møtte seg sjølv i kvite sokkar ved syrinen  
som blomstra og dufta.

Ho såg seg sjølv ein laurdag i det gamle skulehuset  
der alle i klassen som slutt på veka og dagen stod  
ved pultane sine og song «Fager kveldsol smiler».

Ho såg seg sjølv på stølsveg der ho gjekk forbi  
oppkomme og forma hendene sine for å drikke  
av det kalde vatnet.

Ho møtte blåbærlyng i blomstring  
og såg den mørkegrønne bjørnekammen ligge i store tuer,  
der ho forsiktig løsna linneatynne stenglar  
og batt dei om håret sitt som eit sartduftande diadem.

Ho møtte seg sjølv ein tidleg sommarmorgon  
der ho såg ut over den vesle grenda  
og hørde tonar frå «Veslemøys sang».

Ho takka livet og minna  
og bad i si nye lykke om at ho  
aldri måtte svikte som mor og menneske.



Marssol.  
Elsa Norunn  
Håbeim Nydal

# Jølster mållag

Styret 1996  
Kåre Lien, leiar  
Magnar Juklestad, nestleiar  
Ann Elena Vie Stadheim, kasserar  
John Svidal, skrivar  
Grete Skaar Sunde  
Elsa Norunn Håheim Nydal


Du er hjarteleg velkomen til å bli medlem i mållaget!

Adressa er:  
Jølster Mållag  
Ann Elena Vie Stadheim  
6840 VASSENDEN

Medlemskontingenten for 1997 er 190 kroner.  
Familiemedlemer 130 kroner.

## *Av innbaldet:*

	side
Elsa Norunn Håheim Nydal Kunstnar med landskapet i sentrum .....	5
Dei ukjende tekstane .....	7
Olav Paulson .....	8
Fotografen i Sanddalen .....	11
Jenta og drengen Soge frå gamal tid, del II .....	16
Julegåva.....	19
Fredsåret 1945 50 års minne .....	21
Veitebergsdalen Innfarts/utfartsveggar i Jølster.....	27
Gamal gravferdsskikk.....	29
Ka seie du, ka sa du, ka meine du med da du?.....	30
Målsak .....	31
5. klasse ved Skei skule 1996/97.....	32
SkeiVass-koret.....	34




*Utvida,  
flunkande  
ny utgåve!*

*280 sider,  
fin innbinding,  
berre 100 kroner!*

*Til sals i bankane og  
butikkane i Jølster.  
Dessutan hjå  
Huus-Libris i Førde.*

**PERFEKT JULEGÅVE!**





*Akvarell*  
*«Mørk dag»*  
*Elsa Norunn Håbeim Nydal*

# Elsa Norunn Håheim Nydal

## Kunstnar med landskapet i sentrum

Tekst: Kåre Lien

Elsa Norunn Håheim Nydal målar landskap i ein stor, norsk tradisjon. Landskap har vore populære motiv sidan romantikarane i forrige århundre løfta slike skildringar opp på eit høgt, kunstnarleg nivå.

Det er nok å tenkje på J. C. Dahl sine stemningsfylte landskap som appellerer til både fantasi og kjensler. Dahl som på si side var påverka av den tyske romantikaren Friedrich, kan la trugande skyer drive over eit falleferdig kors yttarst på ein sandskrent, medan menneska i framgrunnen passerer ei falleferdig bru. J. C. Dahl og August Cappelen måla romantiske landskap. Seinare kom Nikolai Astrup med skildringar fulle av seljekallar og trollpakk heilt i tråd med nyromantiske straumar. Og Elsa Norunn Håheim Nydal, busett i Jølster i Sunnfjord, kan sjølvsagt ikkje kome utanom Astrup. Og kvifor skulle ho det? Ein så mektig kunstnar som Astrup har inspirert utallige kunstnarar gjennom dei siste hundre åra.

Og inspirasjon har Elsa Norunn. Men med fem mindreårige barn i tillegg til gardsdrift må ho stundom styre skapartrongen sin. «Min uttrykkstrong skal trass alt ikkje gå ut over mine næraste,» seier ho sjølv. Av den grunn har årsproduksjonen vore varierende, særleg dei siste åra, men heile tida ser ho og prøver sjå meir, både fargar, nye ting og små og store detaljar.

Med dette utgangspunktet vil vi vite kva som fekk henne til å byrje og måle.

«Eg har teikna og måla så lenge eg kan hugse. Kan hende har dette med heimen og foreldra mine å gjere. Heimen ligg lunt til, litt avsides rett nok og utan det store panoramautstynet, men med Klakeggfjellet sitt vaktande trollandet i nord og Sørnipa og Bolsetnipa med store og inntrykksskapande former i sør og søraust.»

Mor hennar frå Nissedal i Telemark og far frå Jølster, hadde begge sans for linjer og former og for handverk som var vakkert og velgjort. Og ho legg til: «Pappa hadde ein eldre onkel, Ola J. Fosshheim. Han var ein sjølvlærd og svært flink hobbyteiknar. Som lita fekk eg sjå teikningane hans. Dei vart verande i meg.»

Rosemåling, «krullen over kvardagen», fekk ho og kjennskap til som lita: «Mamma hadde ein liten rosemåla dokkekubbestol ståande på kommoden i bestestova heime. Han var måla av Gunnar Nordbø, ein kjend, kunstnarløna rosemålar frå Nissedal. Denne vart utslagsgjevande for interessa mi for rosemåling, og 18 år gamal reiste eg til Sand i Ryfylke for å lære.»

Den fargeglade ungjenta var fødd i 1949 og voks opp som den eldste av fem syskjene på bureisingsbruket Orrehaugen, Håheim i Jølster. Etter eit par års folkehøgskule reiste ho til Sand Yrkeskule med landet si einaste line for rosemåling. Der fekk ho Aasmund Skori frå Åmotsdal i Telemark som lærar. Vidare har ho tre år ved Heimeyrkesskulen i Jølster og faglærarutdanning frå Statens Lærarskule i forming, Oslo. Nokre år arbeidde ho ved Heimeyrkesskulen i Jølster der ho lika seg svært godt, men etter giftarmål i 1981 og fem ungar på rekkje og rad, vart det for travelt med lærarjobben.

Dermed vert det i fritida ho kan måle. Men kan Jølster som kulturkommune gjere meir for bildande kunstnarar generelt?

«Svaret på eit slikt spørsmål botnar vel i økonomi. Eg har skjønna det slik at Jølster er ein kommune med dårleg råd. Av den grunn reknar eg med at grunnlaget for å gjere meir for kunstnarane er sterkt svekka.»

Stundom kan avstanden følast lang frå Jølster til dei rike kulturkommunane der mykje skjer. Kunstdebat tar og store utstillingar er langt unna, men når ein bur i distriktet må ein vinkle det så positivt ein kan.

«Er det greitt å vere kunstnar langt borte frå Haustutstillinga og kafeane der debattane føregår?»

«Tja, greitt nok for så vidt. Eg er vel vitande om at eg både er stadbunden og heimekjær. Bileta mine er «prikkløse» avdi dei i motivval er knytte til området kring heimen. Såleis vert dei mine eigne utan så mykje påverknad frå anna hald. Men ved å bu nærare store galleri kunne eg sjølvsagt henta impulsar der, og det er både naudsynt og utviklande. Det viktigaste vert likevel eins eiga personlege drivkraft for gjennomføringa av skapande aktivitet uavhengig av geografisk plassering.»

Nokre utstillingar kan nåast. Ho hugsar godt ei flott utstilling på Sogn og Fjordane Kunstnarsenter i 1994 med Ørnulf Oppdal. Hans sterke, naturfortolkande vestlandsskildringar fall i smak. Og ho nemner Anders Svor-museet i Hornindal som ho vitja i sommar. Eit besøk som var ei skikkeleg fin oppleving.

Og så er det mykje som kan nåast gjennom bøkene. Det er trass alt svært få kunstinteresserte menneske som kan reise til Riksmuseet i Amsterdam kvar gong ein har lyst å sjå eit Rembrandt-bilete. «I unge år lika eg å bla i bøker om Rembrandt. Eg minnest og godt ein undervisningsfilm om Rembrandt sine sjølvpor-



trekk. Elles har eg i periodar bladd i bøker om van Gogh, ja, og så Munch. Ludvig Karsten og Harriet Backer er også to målarar eg tykkjer har flott fargebruk. Likeeins Thorvald Erichsen, Henrik Sørensen og Bernt Tunold. Og som jølstring er det uråd å kome utanom Astrup og dei nolevande kunstnarane Toralf Flatjord og Astrid Myklebust. Eg set og pris på arbeid av Astrid Wittersø og Kirsti Ylvisaker.»

Elsa Norunn har sjølv delteke på ei rekkje mindre, kollektive utstillingar. Dersom vi startar med rosemålinga, som er den teknikken ho har ofra mest tid på, har ho ei rekkje år stilt ut på Seljordutstillinga Dyrsku'n. Her fekk ho fyrste premie både i 1977, 1980 og 1981. I åra mellom 1972 og 1976 og samt 1979 vart det andre premie. Tredje premie i 1978. Ei imponerende liste. Andre utstillingar er Internasjonal Kunstveke (1980), Distriktsutstillinga i Sogn og Fjordane (1982, 1987 og 1993), Separatutstilling i Sunnfjord Kunstlag (1984), Brekke Folkeakademi (1986) og dessutan sommarutstillingane på Jølstramuseet alle åra frå 1988 til 1996.

Seljordutstillingane, separatutstillinga og sommarutstillingane på Jølstramuseet er dei mønstringane ho sjølv set høgast.

«Kva vil du karakterisere som høgdepunktet i karriera di hittil?»

«Eg tykkjer eg har øvd meg heile livet, og gjer det framleis. Difor trur eg det er noko tidleg å sjå attende på «høgdepunkt» for mitt vedkommande.»

Vi vil vite korleis ein skikkeleg god arbeidsdag for kunstnaren Elsa Norunn skal vere.

«Er det ikkje Ivar Aasen som har sagt «Den som lenge søv ser ikkje morgonsoli»? Eg er tidleg oppe for å få høve til å leve etter mitt motto: Ikkje ein dag utan ei linje. Ein god arbeidsdag for meg er ein dag eg veit det finst linjer etter meg anten i form av røyneleg resultat, eller ved at eg veit eg har brukt augo på ein måte som seinare vil kome meg til nytte. Dei dagane eg ikkje tykkjer eg har greidd dette, har eg valt å sjå på som verdfulle mellomrom, ei usynleg linje mellom linjene - ein viktig del av ein annan heilskap - ny, og for meg unådd.»

Vi kjem inn på nonfigurativ kunst. Modernismen kom seint til Norge. Etter krigen tok norske kunstnarar til å arbeide meir målmedvite med nonfigurative uttrykk. Ludvig Eikaas var tidleg ute. Ypparlege nonfigurative arbeid frå hans pensel heng i Eikaasgalleriet. Og Knut Rumohr med sine naturfortolkande abstraksjonar har fått ein viktig plass i norsk kunsthistorie. Elsa Norunn synest ikkje det er viktig å diskutere om ein likar eller ikkje likar nonfigurativ kunst:

«Har ein interesse for kunst, kjem ein ikkje utanom «like/ikkjelike-omgrepet» uansett. Både figurative og nonfigurative uttrykk handlar om avgrensingar av utsnitt. Begge delar handlar om inndelingar innan det format ein vil arbeide med, om lys/mørkefordeling, fargeplassering m.m.. Det handlar om å sjå både heilskapar og detaljar, og kva ein må «sake ut» for å oppnå ein bestemt heilskap. Eg har stor respekt for dei som meistrar det nonfigurative uttrykket.»

Det er gjennom eksperimentering med akvarelltek-

nikken Elsa Norunn har oppnådd størst produksjon. Akvarellmåling er langt meir komplisert enn mange trur. Vi gir oss tid og let kunstnaren forklare:

«Akvarell er vassfargemåleri utarbeidd med pensel på oppspennent spesialpapir, særmerkt ved at fargebruken i ulik grad tillet det kvite i papiret å skine gjennom. Eg startar med synsinntrykk og kjensla «i dag er akvarelldagen», og gjerne ei laus skisse utført med blyant eller med lys akvarellfarge og riggarpensel rett på akvarellpapiret. Høglysflatene må fyrst utsparast i papiret. Det kan gjerast anten med omkringmåling av flatene, ein kan forsegle dei med ei kjøpt gummioppløysing, nytte ein tapesjablon, teikne med stearin, lys/kvit feittstift eller ein kan vente til papiret er tørt for så å skrape fram att kvite parti ved hjelp av t.d. ein saksespiss. Etter kvart som det fyrste fargelaget er delvis eller heilt tørt, legg eg nye fargelag på nye område i biletet.

Elles må eg gjere meg kjend med dei mange papirkvalitetane og planleggje kvar i biletet eg ynskjer «vått i vått» verknader, «halvtørre» eller «tørre» verknader. Vidare må eg freiste skape spenning i biletet ved hjelp av fargeplassering og lys/mørkefordeling innan det formatet eg arbeider med. Eg eksperimenterer med tilleggseffektar som å drysse salt i fargeflater eller skyve fargen sidelangs med palettkniv, eller eg kombinerer med partvis bruk av feittstifter, eventuelt tusj eller blyant. Det er berre fantasien som set grenser, samt syn for kva som er godt eller dårleg.»

Elsa Norunn lagar akvarellar med utgangspunkt i landskapet. Symbolikk eller ekspresjonistiske uttrykk brukar ho ikkje. Kunsthistorikarar vil gjerne setje bilete inn i ein eller annan tradisjon, ei eller anna -isme.

«Kva er viktigast i bileta dine, naturalistisk attgjeving eller stemningsskapande element?»

«For meg finst det ei indre kjerne av lyrikk i naturen. Det er denne som inspirerer meg. Til no har eg hatt som mål å sameine det naturalistiske med det stemningsskapande, det lyriske, i eit motiv. Saman med lys og verlag blir det same motivet i røynda nyskapt kvar time i døgeret året igjennom. Nett den tanken har eg late meg fascinere av, og prøvd å utnytte, både i akvarellar og i måleri utført i olje eller akryl. Bileta vert aldri reint naturalistiske fordi eg ofte overdriv fargeverknader, d.v.s. gjer kraftige fargar endå kraftigare for med det betre å synleggjere «dei små» fargane. Ofte brukar eg titlar som forsterkar det lyriske i bileta. Også ein del av rosemålingsarbeida har eg gjeve ei lyrisk fargedrakt knytt til naturen herikring.»

Og stemningsskapande er akvarellane til Elsa Norunn. Når ein nærmar seg kunst med ope sinn, kan også bilete gje «krullen over kvardagen», på tvers av ulike teknikkar.

Med dette kan vi la akvarellane som vi trykkjer i Jølst dette året, vere dei heilt konkrete uttrykka for alt det spanande vi har samtala om.

# «*Dei ukjende tekstane*»

Av *Jostein Hjellbrekke*

## **Første teksten**

Og han tala til dei og sa: Når de skriv, so lat det vera frå venstre mot høgre – slik profetane har sagt det, og ikkje frå høgre mot venstre.

For skriv de frå venstre mot høgre, so skal hendene dykkar vera av gull og tavle- ne tjukke som Jeriko.

Men skriv de frå høgre mot venstre so er de å likjast med keivhendte farisearar, – dei som øser seg og gjer hör.

Slik tala han til dei, for det var på sabbaten og den sjuande dagen.

So gjekk dei bort. Nokre mot høgre, og nokre mot venstre for det rådde stor uvisse mellom dei.

Men det var ein mann der, – ein tvehendt filistar. Han ville prøva Meistaren og sa: «Herren har gjeve meg to hender. Skal eg ikkje då bruka dei bae?»

Då vart meisteren arg, braut bae hendene av han og sa desse orda: «Gå no bort og tel pengane dine. På dette skal dei kjenna deg att i tempelet!»

## **Andre teksten**

På ferda til Judea kom dei i kveldinga til Camparnia. – Namnet tyder «Den gode vinen» eller «Han som går på vatnet». (I andre omsetjingar finn ein namnet Campa Marina, som kan tyda rasteplassen eller kvileplassen ved havet eller sjøen.)

Dei var alle trøytte etter ferda, og læreseveinane sovna straks.

Då også Peter var sovna, gjekk Meistaren bort til han, tok den venstre skoen til Peter – den som var nærast hjarta – og kasta den på sjøen, for han ville prøva Peter.

Men skoen sokk til botnar og det steig opp ein blå loge der skoen hadde sokke.

Då gjekk Meistaren sorgtyngd bort og sa desse orda: «Peter, Peter, kvar er di tru?»

## **Tredje teksten**

Det fall seg slik at dei på heimvegen også måtte gå forbi farisearklosteret. Dei var tre i fylgje. Det var Peter Thomas, det var Mirakel, og so mannen frå det nordre landet. Natta var mørk, men det fall ljøs over Klosterhagen og den nyklypte balsamhekkken.

Då kom freistaren til Peter Thomas og sa: «Når Meistaren kan gå på vatnet, so kan vel du gå på denne balsamhekkken?»

Peter Thomas fall for freistinga, han klatra so opp på hekkken, gjekk eit par steg, og vart so brått borte. Mirakel leita lenge etter sjåglasa hans, men fann dei ikkje, og Peter Thomas vart verande blind alle sine dagar.

Det seiest at sjåglasa til Peter Thomas seinare fanst i Tiberias eller Kapernaum, men ingen veit dette visst (Miriam 2.14)

## **Fjerde teksten**

Den no so blinde Peter Thomas sat ein dag under fikentreet og grunda over den vonde lagnaden sin. Han var mykje vreid på Herren som hadde straffa han so hardt.

Då kom det ein mann til han, men blind som han var, kunne Peter Thomas ikkje sjå kven denne mannen var.

Den framande sa til han: «Du kan få velja mellom tre ting, – å tena Herren, å eiga regnmakaren sine kunster eller di eiga høyrsla. Vel du det rette, skal du få synet ditt att.»

Peter Thomas fall for freistinga til å eiga kunstene til regnmakaren, for åtte han dei, so kunne han vel også få slutt på sin eigen blindskap.

Brått vart han dauv på bae øyro, og høyrsla fekk han aldri att.

Om den framande var den same som mannen frå det nordre landet står det ingen ting om. (Miriam 2.24)



# Olav Paulson

1822-1896

Av Harald Jarl Runde

I fjor haust kom Jølster Mållag ut med samlinga «Dikting frå Jølster».

Her er diktet «Min heimstad» av Olav Paulson kome med. I biografien bak i boka er han nemd som lensmann i Jølster frå 1855 til 1860. Med si nære tilknytning til Jølster og Sogn og Fjordane fylke, kan Olav Paulson likevel vere verdt ein nærmare omtale. I år er det også 100 år sidan han døydde.

## Barndom og oppvekst

Ole Poulsen Moltu, som truleg døypenamnet var, vart fødd 20. september 1822. Han vaks opp på ein husmannsplass på Moltu i Herøy. Sjølv om han var av dugande og framtøkne folk på bae sider, var det lite som sa at han som fattig husmannsunge skulle kome seg i veg med noko.

«Den guten kjem det ikkje til å verte noko av, han som berre les,» sa grannane.

Etter konfirmasjonen var han likevel så heldig å få arbeid hjå sorenskrivaren på Søre Sunnmøre. Skrivaren, Rasmus Blakstad, var ein streng herre. Det vart difor ingen lett skule for den unge husmannssonen. Men han las og studerte på eiga hand alt slikt som kunne vere til lærdom og nytte. Han skreiv av heile Mauritz Hansens Norsk Gramatik, han hadde ikkje råd å kjøpe boka sjølv. Alltid seinare kom Mauritz Hansen til å stå for han som den store autoriteten i grammatikk og mållære.

I 1845 flytte skrivarkontoret frå Ulstein til Volda, og den unge guten vart med. I 1847 vart det skipa misjonslag i Ørsta og Volda. Ole Poulsen vart fyrste kasseraren i laget.



I denne tida i Volda kom han også truleg i nærmare kjennskap med Ivar Aasen. Trass i den store skilnaden i alder (Aasen var fødd i 1813), kjende nok Poulsen til Aasen av omtale frå gutedagane.

I åra 1833-35 hadde Aasen vore hjå sokneprest Thoresen i Herøy. Thoresen dreiv med vidareutdanning for «uformuende skoleholdere» og Ivar Aasen var lærar på denne tida.

## Som lensmann – og til Jølster

Ole Poulsen kom godt inn i arbeidet på skrivarkontoret, og i 1850 fekk han stillinga som lensmann i Bjørnør i Trøndelag. Same året vart han gift med Anna Hagerup frå Hareid. I Bjørnør var han også forlikskommissær 1854-55. Han busette seg på Brandsøya i Roan,

på den gamle lensmannsgarden i Bjørnør. Staden låg sentralt til i leia og nær ved tingstaden på Sør-Kråkøy.

I 1855 vart han så lensmann i Jølster. Her kom han meir med i offentleg styre og stell. Han vart med i heradsstyret 1858-60 og var forlikskommissær same åra. Til Stortinget var han 3. varamann for Nordre Bergenhus amt i 1859-60, men møtte visstnok aldri på tinget.

I 1857 vart det nedsett ein Kongeleg kommisjon som skulle utgreie «Hensigtsmæssigheden av et Byanlæg i Søndfjord». Medlemene var soknepresten og ordføraren i Kinn, Blom, futen i Sunn- og Nordfjord, Magnus, proprietær Svanøe, handelsmann Brandt og lensmann Poulsen i Jølster. Som kjent vart Florø by ved lov av 16. mai 1860.



## **Til Bergen**

I 1857 vart selskapet for amtsbåtane i Nordre Bergenhus skipa med hovudkontor og ekspedisjon i Bergen.

I 1860 måtte båtane sjå seg om etter ny ekspeditør og kasserar. Det hadde blitt ugreie med kausjonen for kasseraren og han hadde vorte oppsagd. I oppseiings-tida gjorde han underslag. Grunna dårlege kontroll- og revisjonsrutinar i selskapet, gjekk det lang tid før underslaget vart oppdaga. Kausjonistane prøvde også å dra seg unna ansvaret sitt. Saka verserte i mange år og må ha vore ubehageleg for amtsformannskapet før pengane kom innatt i dampskipskassa.

Stillinga vart lyst ledig og fleire kvalifiserte søkjarar hadde meldt seg. Mellom søkjarane var også den avsette kasseraren, han hadde ordna seg med ny kausjon. På amtstinget i Førde 24. - 30. juli 1860 vart så lensmann Ole Poulsen tilsett, merkeleg nok utan å vere innstilt korkje av direksjonen i båtane eller dampskipskomiteen. Det blir sagt at det var amtmann Aubert som overtalde han til å ta over stillinga som kasserar. Under tingseta reiste Aubert, nattestider, eins ærend til Jølster og ba han ta over stillinga i Bergen. Lensmannen ville ha omrømingstid, men han måtte svare straks. I ein sein nattetime, over ein kopp kaffi, vart det så bestemt at han skulle ta mot tilbodet. Han flytte så straks til Bergen som ekspeditør, bokhaldar, kasserar og altmoglegmann for båtane. Ved nyttårsleite kom så kona og dei to borna etter. Ved kontoret til amtsbåtane fekk Ole Poulsen arbeidsplassen sin resten av levedagane.

## **Allsidig kulturmann**

Allsidig kulturinteressert som han var, kom han no med i mangt slags arbeid og fekk mange tillitsverv. Etter ei tid kom han med i den radikale krinsen rundt Henrik Krohn. Han fornorska namnet sitt til Olav Paulson og nytta det sidan. I 1868 var han med å skippe Vestmannalaget og vart fyrste kasseraren i laget. Politisk stod han på venstresida og sat i styret for Bergens Arbeiderforening i åra 1867-70 og 1872. Han møtte også for foreininga på nordiske kongressar i Stockholm og København. I bystyret møtte han i åra 1880-90.

I 1863 var han med å skippe fyrste Indremisjonsforeininga i Bergen, og vart fyrste formannen. Ei tid etter kalla foreininga Lars Oftedal til byen som forkynnar. Det vart nokre rike år med vekking og oppbygging i byen og på bygdene rundt om. Indremisjonsforeininga dreiv også eit mangfaldig sosialarbeid. Det var overalt stor åndeleg og materiell naud i byen på denne tida. Det ser likevel ut til at Olav Paulson har halde seg i bakgrunnen i dette arbeidet, kanskje tok oppgåva som formann alle kreftene og tida i desse fyrste vanskelege åra. Ei tid var han også med i styret for Ytremisjonsforeininga i byen.

Olav Paulson kom også til å spele ei viktig rolle i fråhaldsarbeidet. I Det norske Afholdsselskab som hadde hovudkontor i Bergen, vart han kasserar og sekretær. Her var han også redaktør av Norsk

Afholdstidende så lenge dette bladet kom ut (1870-89). I Bergens Afholdsförening var han formann i lang tid, ei foreining som hadde omlag 1500 medlemmer i 1870-åra.

## **Målreisar og diktar**

Sommaren 1851 finn vi Ivar Aasen på Sør-Kråkøy i Roan. Det er rimeleg å tru at han då vitja den gamle kjenningen sin frå skrivarkontoret i Volda. I 1853, medan han var i Bjørnør, skreiv Olav Paulson til Aasen om interessa si for målsaka og sende han ei liste med dialektord. Det var likevel fyrst då han kom med i krinsen rundt Henrik Krohn at han aktivt vart med i målreisingsarbeidet. I bladet til Krohn, Ferdemannen, og i tidsskriftet «Fraa By og Bygd», skreiv han ymse, helst under merket «-p-» eller «P». Somme tider brukte han også pseudonymet «O. P. Leite», han budde på Leitet i Bergen.

I 1869, berre fem år etter Aasen sin grammatikk kom ut, gav han ut den fyrste leseboka på det nye målet. I det høvet skreiv han til Aasen og ba om løyve til å ta med ymse ting Aasen hadde omsett og dikta. Dette fekk han lov til, men Aasen tykte sjølv det var i tidlegste laget å gi ut ei slik lesebok. I leseboka tok han også med slikt han sjølv hadde omsett eller skrive.

I 1872 og -74 trykte og gav han ut eit par hefte med Gudelege Smaastykke til Helgar-Lesnad. Dette var slikt han sjølv hadde omsett til landsmålet. Hefta la han ut i «bondestovene» i byen eller hadde dei med til utdeling når han var ute på reis. Sonen har fortalt at han såg faren stikke nokre slike hefte innimellom blada på eit av hotella i Jølster.



I 1880 lyste Vestmannalaget ut ei tevling om beste bibelsoga for barneskulen. Det kom inn tre bøker. Domsnemda kom til at arbeidet til Hans Mo og Olav Paulson var beste arbeidet. Mo var opphavelg frå Ørsta og var lærar i Bergen på denne tida. Desse to fekk fyrsteprisen, 100 kr.

I 1882 kom så Bibelsaga ut, eigentleg ei omsetjing av den kjende Vogts bibelsoge. Tanken var, liksom med leseboka, at borna på bygdene skulle få skulebøker på norsk mål.

Eit anna bokprosjekt som var påtenkt av Vestmannalaget, var ei namnebok med alle norske gardsnamn, med rett uttale og norsk skrift. Det var Olav Paulson som var opphavet til denne tanken. Dette vart det ikkje noko av, det vart andre som kom til å føre ein slik idè ut i livet.

## **Amtsbåtane**

I fyrstninga var Paulson åleine på ekspedisjonen i Bergen. Arbeidet auka på, og etter ei tid fekk han svogeren Sivert Moltu til hjelp. Sivert og kona, Ingeborg, dreiv samstundes eit gardsbruk utanfor byen. Det var meininga å verte verande, men dei treivst ikkje i byen. Etter nokre år flytte dei heimatt til Moltu. Utviklinga med fleire båtar og større trafikk sette nye krav til selskapet. Tilhøva i byen var kummerlege, og i 1883 kjøpte ein så Petane-bryggja. Kjøpesummen



*Den første lese-  
boka på nynorsk,  
utgitt av Olav  
Paulson i 1869.*

*Saman med  
ørstingen Hans  
Mo gav Olav  
Paulson ut  
«bibelsaga» i 1882,  
ei omsetjing av  
Volrath Vogts  
bibelhistorie.*

var på 100.000,- kr, men eiegenen måtte kostast på nokså mykje for å verte høveleg til bruk for båtane. Det hadde heilt sidan starten i 1858 vore to administrerande direktørar i selskapet. I 1881 vart denne ordninga gjort om, det vart no ein direktør. Olav Paulson vart samstundes kontorsjef og vikar for direktøren i hans fråvere. Som ny kasserar vart Ove Holm, sviger-son til Paulson, tilsett. Holm hadde vore ved kontoret sidan 1872.

I 1895 søkte Paulson avskil som kontorsjef i båtane, men heldt enno fram som bokhaldar. Også no overtok Holm etter svigerfaren, og vart ny kontorsjef. Holm vart seinare direktør i selskapet.

I 1896 døydde Ivar Aasen. Same året, 28. juni, døydde også Olav Paulson. Han drog på seg influensa etter eit forlis og vart sengeliggande. I eit minneord i «VESTMANNEN» vert han omtala som ein høgt akta mann i Nordre Bergenhus amt. Bladet takkar også «- for det denne trugne, stillfarande maalmannen hev gjort for maalsaki -».

#### **Kjelder/Litteratur om Olav Paulson:**

- Eide: «Med livets rett.» 1963  
 Furre: «Soga om Lars Oftedal.» Bind I og II. 1990.  
 Hallaråker: «Olav Paulson (1822-1896) Målreisar og forfattar.» Møre og Romsdal distriktshøgskule, Volda.1982.  
 Hallaråker: «Olav Paulson – ein føregangsmann i målreisinga.» SYN OG SEGN/Nr 4, 1982.  
 Hannaas, Clausen, Jerdal: «Vestmannalaget i 110 år.» 1978.

- Helland: «Vekkelsesforkynner og sosialarbeider Lars Oftedal som «indremissionær» i Bergen.» NLA/Årsskrift 1963.  
 Kleppa: «Hør Herrens ord.» 1993  
 Lothe: «Målreisingsoga i Sogn og Fjordane.» 1950.  
 Paulson: «Min heimstad.» FOLK OG FORTID (Tidsskrift for Herøy Sogelag)/1982.  
 Rabben: «Herøyboka Gardar og Folk III.» 1963.  
 Rabben: «Herøyboka Bygdesoga II.» 1973.  
 Rabben: «Olav Paulson. Bondegut, bymann og føregangsmann i norsk kulturliv.» TIDSSKRIFT FOR SUNNMØRE HISTORIELAG/1991.  
 Seip: «Sogn og Fjordane fylke.» 1958.  
 Strømme Svendsen: «Eilif W. Paulson Skipsfartsøkonomen og mennesket.» Norges Handelshøyskole/1993.  
 Thorseth: «Olav Paulson.» FOLK OG FORTID/1953.  
 Worren: «Ivar Aasen i Herøy.» VESTLANDSNYTT/22.12.1995.

- «Dikting frå Jølster.» 1995.  
 «Lars Oftedals dagbok 1865-66.» Fotostatkopi  
 «Litevetta frå ei Amerikaferd.» FOLK OG FORTID/1982.  
 «Nordre Bergenhus Amsformanskabs forhandling-er.» 1860, -61, -62 og -63.  
 NORDFJORD. 08.07.1896.  
 «Sogn og Fjordane Indstilling fra Trafikplankomiteen av 1919.» 1921.  
 VESTMANNEN. 11.07.1896.  
 Opplysningar også ved Per Rødøy, 7742 YTTERVÅG.



# Fotografen i Sanddalen

*Tekst: Ann Elena Vie Stadheim og Grete Skaar Sunde*

***Gamle bilete er populære som aldri før, og har vorte eit viktig innslag i lokalavisene. Vi har vore så heldige å få sjå gjennom biletsamlinga som Eva Flaten har etter faren, Tollef Sandal. Ein god del plater og bilete har ho gjeve til Sunnfjord Museum i Movika, men ho sit framleis att med ein beil fotografisk rikdom.***

Tollef Sandal var fødd på Berg i 1886. Foreldra var Daniel og Talina Berg. Han voks opp i ein syskenflokk på tre.

Eldste broren, Daniel, kom som dreng i Nersanddalen hos Anders Tåhaug Sandal. Der var ingen arvingar på garden, så Daniel fekk tilbod om å overta. Slik bar det til at heile familien flytte over frå Berg til Sanddalen. Dei tok òg etternamnet Sandal, slik det var vanleg å gjere på den tida.


Tollef var no nokre år på garden hos broren, og tok førefallande arbeid rundt omkring. Deretter reiste han til Bergen og fekk seg arbeid som jarnbanebyggjar. Det var i Bergen han fekk interesse for fotografiering, og han begynte i lære hos fotograf Einar Helgesen. Dette var arbeid han likte, så han skaffa seg snart eige fotoutstyr. Dette var i tjuve-åra, og det var vanskelege tider. Mat og pengar var det lite av, og Tollef treivst ikkje så godt i byen. Han pakka saman fotoutstyret sitt og drog tilbake til Jølster.

På den tid var det å skilje mindre teigar frå eit bruk, ikkje noko problem. Daniel let Tollef få ein teig nede ved vatnet, som han kalla Vestvik. Den andre broren, Nils, fekk ein teig vest for hovudbruket, kalla Sollund.

Nabojenta, Andrea Ludvigsdotter Sandal hadde venta på Tollef medan han var i Bergen. No gifte dei seg, og bygde hus på teigen i Vestvik. I 1928 fekk dei dottera Eva. Men lukka skulle ikkje vare lenge. Andrea vart sjuk, og døydde to år etter. Tollef sat att aleine med veslejenta på to år.

Tollef var flink og nøyen med alt han tok seg føre. Saman med brørne var han ein dugande murar. Gråsteinsmurane deira under gamle fjøsar kan vi sjå fleire stadar i bygda. Han var snikkar, vegarbeidar og skomakar. Skomaskina hans står i Midtunet no. Han har laga eit titals hardingfeler, nokre av dei er i bruk i spelemannslaget. Skreddar var han òg, han sydde sine egne skjorter, og knappehola var det ikkje noko å utsette på.

Det er likevel som fotograf vi kjenner Tollef Sandal. Han reiste rundt heile bygda og fotograferte, i bryllaup, gravferder, konfirmasjonar, skuleklassar og på stemner. Han laga dei finaste portrett, og tok også ein del landskapsbilete og bilete frå kvardagslivet. Han hadde fotolaboratorium i huset. Med papplater for kjøkkenvindaug, blei det brukbart mørkerom.



Det er fortalt at han eingong måtte fotografere eit bryllaupslag så seint på kvelden at det hadde teke til å skymast. Biletet heldt ikkje Tollef sitt strenge krav til kvalitet på grunn av lystilhøva, så brureparet fekk aldri gruppebilete frå bryllaupet sitt.

Tollef var ein aktiv mann. Han la seg tidleg og stod tidleg opp, for det var alltid arbeid som skulle gjerast, også på hans eldre dagar. Like til det siste var han frisk og lett til beins. Han døydde i 1977, då var han 91 år gamal.



*Graufjerda til gamle Moses i Øpstunet, Sanddal i 1952.*

**Frå  
Tollef  
Sandal  
sitt  
album**

*Engel Astrup trykte fine bunadsforkle og gav småjentene i Sanddalen. Framme: Aud Hylderås. F.v: Ingrid Eikås, Edith Egge, Elsa Eikås, Målfrid Sunde, Eli Sandal, Solaug Sandal, Anna Gjesdal, Marit Sandal og Liv Sandal.*








*Tollef si næraste familie. 1 r.f.v.: Danbild Berg, Lina, Daniel d.e., Alma, Talina, Dagfinn, Oleanna med Odd på fanget, Andrea med Eva på fanget. 2.r.f.v.: Anna, Daniel d.y., Tollef og Nils, alle med etternavn Sandal.*



*Eva Flaten, dotter til Tollef.*




*Ola Pertun Møklebust.*







*Daniel Sandal d.y. på slåtteteigen.*




*Stølsjentene på Nonsnipestøylen. Lina Sandal og Judit Lundekvam.*





Storeskolen i Sanddal ca. 1925. 1.r.f.v.: Johan O. Sandal, Agnes Sandal, Kristina M. Sandal, Lærer Kristian Eikås, Kari Astrup, Anna Sandal, Sofia Sandal og Engela Sandal.. 2.r.f.v.: Jakob J. Sandal, Ingvald Sunde, Arnold Astrup, Johan Sunde, Sverre Sandal, Nikka Sandal og Anna Sandalsstrand.



Vinterstemning med trebesjar. Nersanddalen.

# Jenta og drengen

## Soge frå gamal tid, del II

John Svidal

### Samandrag del I:

Lars Jølet 18 år har gått over isen frå andre sida av vatnet og skal vere dreng hjå Anders Fjæreteigen. På garden bur Anders, kona Brita som ligg sjuk og dottera Synneve som er jamaldring med Lars. Den første arbeidsdagen 14. april set Anders Lars til å køyre møk ned på åkeren. Anders viser Lars første venda. Så reiser Anders for å henta presten til Brita. Lars er uheldig med første lasset. Eit tingledrag losnar og lasset kvelvar. Hesten kjem seg laus, naboane gapskrattar.

-----

Lars sette seg på ei tue bak ein seljekjerre ut or syne for dei ut om garden. Dei skratta og lo og hadde det visst moro. Lars likte det lite. Ei erle sette seg på sleden, nippa i rotne fjøler, skvatt og trippa rundt, flaug eit stykke og kom igjen. Lars var rådvill, men han måtte få tak i hesten som for inn langs fjæra med taumen etter seg. Hesten nuppa i seljekvistar og knoppar, som heldt på å sprette. Han likte seg visst, han hadde kome ut i lyset frå den mørke stallen. Lars tok mot til seg og sprang for å få tak i taumen. Men hesten sprang unna, stansa og beit i knuppar, sprang igjen før Lars nådde taumen. Det var som han ville halde ap med han. Lenger inne på bøen var eit grovaggjel med ein heggerunn som møtte hesten. I det same Lars nådde taumen, hoppa hesten ut på isen og Lars etter. Skvulp, plask, isen brotna, is dreiv frå hestehovane - - . Lars prøvde å entre inn taumen, men fekk ikkje fotfeste. Han krampheldt i taumen, det surkla for øyra og det svartna.

Hjelp, hjelp!

Hesten kava og symde, men kom ikkje nokon veg, taumen heldt igjen. Han rykte med hovudet og Lars kom oppatt i vassyta.

Hjelp, hjelp! Så hjarteskjerande...

Dei utom garden hadde høyrte skrika og kom setjande med reiskapane dei hadde i nevene. Ho Synneve hadde høyrte det òg, og kom. Ho hivde treskorne og sprang på sokkelesten gjennom blaute åkeren og snøflekker.

Kva har hendt? Å, Lars kvar er du henne?

Han svara ikkje.

Han Zakris med Gara og sonen, han Ola, hoppa ut i, sto til beltings i vatn før dei nådde ut til grima på hesten med greva sine. Dei sleit og drog og hesten

kava og sparka. Då det vart grunn under framfotene, tok han seg på land sjølv.

Men Lars, kvar er du henne?

Så var det ei bylgje mellom isflaka og Lars kom til syne, hengande i taumen. Han såg livlaus ut, dei måtte slite nevene laus frå taumen, som han heldt fast i krampe.

Synneve heiv seg over han der han låg i fjæra.

«Du er vel ikkje drukna - du er vel ikkje død?»

Som i hysteri velte ho han over på sida og dunka i ryggen og riste i han. Det rann vatn og slim frå munnen hans, så eit gulp og det kom meir vatn. Han var ikkje død.

Dei var god hjelp og fekk han opp på bøen. Det kom ut meir vatn og dei prøvde å reise han opp, men han sette ikkje føter under seg.

«Vi kunne visst ha lete det roke heimatt med isa når den fer,» sa Ola med Gara.

«- Snakk ikkje slik Ola,» sa Synneve, og dulka og kneka på Lars.

Hesten for tutlande til tuns, han skok og riste på seg. Det dampa av han for sola skein og heta godt. Det dampa av Lars og dei våte kleda òg. Han gulpa opp meir vatn og så kom hosteriene. Det var liv.

Dei fekk han opp på kne, då lea han på augneloka og heste med svak lyd: «Kvar er eg henne?»

«Her, med meg, ho Synneve!»

«So godt...»

«Sjå, han vaknar,» sa vesle Sivert 6 år gamle guten, som var med dei vaksne og hjelpte til. Han stod med store augo og fylgde med i alle rørsler med nasedrop hengande ned.

«Sjå, no kjem han Moses òg!»

Alle såg opp og der kom han gamle Moses med Gara, kårmannen, som budde for seg sjølv i ei stove ved kvernhusgrova. Han kom krekande skrålies med to einestavar.

«Eg hadde det på meg idag morges. Eg såg noko i skyene som ikkje var bra. Det var rett utfor her han Daniel Strandahogja bleiv for lenge sidan, men eg hugsar det godt. Han skulle av med eit griseslakt som han drog på ein kjelke ned over i bygda. Det er nokre merkelege straumar som tærer på isen langs landet her, har ein funne ut. Ein må ta seg i akt no på denne tid.»

Lars var komen på føtene. Han skalv som ospelauv. Synneve og Zakris heldt han mellom seg og bala seg



oppover mot tunet.


Dei andre reiste ut att i åkeren for å halde fram med hakkinga. Han Ola var reist før.

Synneve, Zakris og Lars slepa seg fram, inn i gangen, inn i koven. Lars var ikkje før for å få av seg dei våte kleda, så Zakris og Synneve måtte hjelpe til. Lars skjemdes, då han stod skjelvande i ørske - spildrande naken mellom framande. Han krampeheldt seg med begge hendene framme i skrittet. Det var verre enn alt.

ne sumaren,» jamra Brita seg i sengekråa.

Det ordna seg nok, meinte Zakris. Han gav seg til ei stund og rødde med Brita. Han var næraste granne, og litt i slekt, men det var langt ute.

Lars låg og skalv i skinnfellen. Hovudet var tungt som bly, han følte seg uvel på alle måtar. Ville han verte lik seg meir? Synneve ståka og stelte med fleire gjeremål. Ho kokte havremjølssupe og kom med ei full treskål som Lars skulle få i seg. Supa var gloheit



«Du skal ikkje bry deg om dette,» Lars, sa Zakris.

«Det er Gud som har skapt oss slik.»

Synneve fann fram eit åklede og ein skinnfell, dei pakka Lars inn og la han framfor grua i stova. Det var enno glør i grua etter morgonstellet, og Synneve fekk på meir ved.

«Gud beire oss, kva har hendt, er drengen òg komen på sotteseng. Korleis går det med garden den-

og varma godt ned gjennom bryst og mage, han vart døs og dorma av. Han drøymde om eit svart hol utan botn (som aldri tok ende).

«Hjelp, eg når ikkje botnen,» skreik Lars, og heiv seg opp i sitjande stilling.

«Kva er det?» Synneve kom til.

«Eg drøymde visst,» sa Lars, og la seg ned igjen og sovna, no sov han lenge. Han vakna ikkje før det var

byrja å dimmest. «Det vart ikkje mykje arbeid av meg idag,» han skjemdest. Hadde isen vore trygg, ville han reist heimatt. Han lengta. Kom han heim att nokon gong? Avstanden var så lang når det var rote-is og vatnet mest som eit osean. På den andre sida var det visst ikkje veg heller, berre skog og hamrar. Han hadde sett på det.

Lars tenkte på hesten, kvar var han? Han kunne vel ikkje gå ute om natta. Men Synneve som såg om alt, var reist å hente hesten. Han var komen heilt opp under Berga ved bøgarden og utmarka. Der for han og tulla med halve selen, eit tingledrag og ein taumstump. Det var ikkje vanskar for Synneve å få tak på hesten. Han ville nok heim i stallen no. Han hadde hatt ein fin dag i vårsola.

Lars låg og tenkte på at neste dag måtte han vere bra igjen, så han kunne arbeide, slik at han kunne kallast dreng.

Brita låg i kråa og snakka og heste så ho fekk ei hosteri så gov og slim valt fram over åkledet.

Å, Gud trøste, kvar vart det av han Anders som skulle hente presten? Det skulle vel ikkje hendt han noko, han er no ikkje så bra han heller, med den låke foten. Det kan ikkje vere rett og skil, no det er byrja å mørkne.

Lars kunne ikkje svare noko til ho Brita. Han tenkte berre på eige elende.

Men så etter ei stund, vart det steg i gangen. Han hørde det på klakkelyden at Anders kom. Stovedøra gjekk opp. Lars kom seg opp frå skinnfellen, han kunne ikkje ligge på golvet som ein hund når presten kom. Kunne tenkt på det før, og kome seg opp på kovelemmen der han hadde seng.

«Fred med dere i stuen,» helste presten. Ein stor, rørsleg kar med heilskjegg, i fotsid kappe med ein stort sølvkross dinglende på brystkassen. Han gjekk bort og handhelste på Brita.

«Hvordan står det til med kvinnen?»

«Å, nei det er ikkje rart med meg. Det er vel dauen som er komen i kroppen med denne goska eg fekk.»

«Si ikke det, si ikke det. I tro og bønn kan det skje under i våre dager også.»

Medan presten var ved senga til Brita, smatt Lars ut or stova. Han hadde ikkje klede på, berre eit geiteskinn rundt seg. Med bal kom han seg opp på lemmen. Han fann fram frå skrinet ei melert spøta underbrok og skjorte. Det var no rekna for å vere bestklede, men han måtte ta dei på så lenge dei andre var våte.

Anders gjekk ei runde i stova. Han såg ut glaset, men det var så mørkt at han ikkje såg kva som var gjort nede på åkeren.

Han hadde ein liten tre-ambar i handa, som han sette frå seg på stovebordet før han tok plass i slagbenken. Anders sat andektig og lydde på kva presten hadde å seie til kona hans.

Presten tok eit stort sølvstaup frå kappelomma og bad Anders hente «nøe å øse med», han skulle dele ut Sakramentet. Anders henta ei tre-ause og presten auste opp i staupet frå tre-ambaren. Det var portugisisk druebrennevin - heilt frå Lisboa. Presten heldt staupet

fram over senga til Brita og las:

*– I livsens strid en mødes  
etstedse plage - sygdom.*

*Et støp av denne Guddoms drikk  
mildner ned de smertens stikk  
i bryst og ben*

*og sjelens mén!*

*I tro på Gud som styrer og er dog nær  
som frir oss fra den ondes magt,  
Djævelen og dens drenge!*

Så tok han Brita under nakken og fekk henne opp så ho kunne drikke av staupet.

«Jammen var dette sterkt, gode prest,» sa Brita, og hikka og saup etter luft.

«Kan så være, men det gjør godt.»

Så sang presten med rungande røyst ein salme han hadde lært av Johan Nordahl Brun, då dei vanka saman i «Det norske Selskab» i København. Presten auste opp staupet til Anders. Og så tok han eit sjølv.

Det var fjerde sakramentet for Anders sitt vedkommande. Han hadde vore med som hjelpar i sjukevitjing opp i Dalen før på dagen. Presten var redd lausbikkjer. Han hadde høyrte om hundegalskap i utlandet. Ein kunne ikkje vere trygg om det kom her og.

Presten sette seg ved bordet med Anders, og dei rødde om ymse ting. Presten fortalde om studietida i København, og ikkje minst om alle venene i «Det norske Selskab». Der var det mange forvitnelege og interessante personar. Johan Herman Wessel var spesiell. Det var forresten han som var oppmann for at selskapet vart stifta. Han las og underheldt på møta, med «Bakeren og Smeden», og ein artig fabel som heitte «Hundemordet».

Johan Nordahl Brun var ein fantastisk mann og god diktar. Det var av han presten lærde denne mektige salmen; Jesus lever, grava brast, han stod opp med Guddoms velde. Det var han som let presten få embe- te her mellom fjella, då han vart biskop i Bergen.

Det leid langt på kvelden då ho Synneve kom innatt. Ho hadde stelt alle dyra heilt åleine. Ho hadde med seg fjøslykta så det vart meir lys i stova. Ho gjekk fram og helste på presten, og neia.

«Du har en prektig datter, Anders,» sa presten, «hun var meget evnerik under konfirmasjons-forberedelsen.»

Synneve la meir ved i grua. Ho hadde tidleg på dagen laga ei heil malmgryte med raspekaker, salt flek og kjøt. Det var berre å hete det opp. Det var rikeleg kveldsmat for alle. Ho ropa på Lars, men han ville ikkje ha noko, endå han var skrubbsvolten. Han torde ikkje gå ned av lemmen så lenge presten var der.

Sidan det leid så langt på kvelden, var det like godt at presten låg over til neste dag, og såleis skulle presten få ligge i koven. Ho Synneve kunne ligge i lisjestova. Han Anders hadde seng på eine langveggen. Brita sov roleg og stilt, og dei var samde om det då dei gjekk til ro, at ho kanskje kom seg til igjen.

Men Brita døydde denne vårnatta.

Framhald neste haust.



# Julegåva

Av Ragnbild Vik Nilsen

Juletreet glitrar. Det står midt i stova på den raude juletreduken som Mia og Albert Hansen fekk til bryllaupet for tre år sidan. Ute skin snøen skarpere enn platen som er strødd over den kidnappa grana. Lysrørlyset gjer andleta kalde og skin akkurat no på det blussande barneandletet til vesle Jacob idet han tek endå ei pepperkake frå kakefatet. Innimellom munnfullane kikar han nyfiken bort på pakkane som snart er snødde heilt ned i juletrenåler og glitter. Det dødsdømde treet sukkar under glitteret og slepp ei kule ned på golvet.

Endeleg er dei frå før så fulle magane fylte endå fullare med kaker, og det er tid for å opne pakkane. Mia og Albert gler seg mest til å sjå andletet til sonen lyse opp over den dyre gåva han har masa slik etter å få. Rett nok stod det utanpå at det ikkje vart tilrådd for born under tre år, men vesle Jacob vert tre i juni, og det er då ikkje så lenge til.

Den fyrste pakken er frå Mia til Albert. Han får som vanleg eit vakkert, stripete slips. Mia får eit forkle. Frå vesle Jacob får dei kvar sitt raude garnnøste med svarte knappauge og raude nisseluer av filt. Omsider kjem turen til den mellomstore pakken som lagar lyd når Albert lyfter han opp. Glitter og daude grannåler drys frå det raude julepapiret med gullklokker på. Augo til vesle Jacob lyser sterkare enn julekrybba av plast som står på Tven, for lyspæra bak Jesusbarnet har slokna. Kartongen innanfor det raude papiret er keisam og gråbrun, men gjer forventninga endå sterkare.

Dei små fingrane til vesle Jacob smyg seg innunder den sterke, brune teipen, grip tak, riv og slit. Pappen rivnar og andleta eksploderer i forventning idet vesle Jacob dreg fram det autentiske, smatrande automatgeværet av plast som han har ynskt seg så lenge.

## Detalj

Du sit med hendene i fanget  
stirer ned i golvet .  
Du veit at kledda dine  
er tre år gamle  
og at du ikkje liknar Barbie.  
Du møter aldri blikka  
men veit alt  
om jord og vegger  
golv og asfalt.

## Vere til

Eg er ikkje her  
no.  
Sit ikkje her ved pulten  
medan læraren legg ut om hypotenusen  
og krietet skrik mot tavla.

Eg  
er ikkje her no  
men sit i treet utanfor vindauget  
og baksar med vengene  
klar til å  
danse på skyene.

## Det gamle huset

Solstråler blenkjer i vindaugsglas  
som takk for i dag og sov godt  
til eit hus som har stått her lenge  
og enno skal stå nokre år.

Det knakar i gammalt trevyrke  
når huset søkk saman på grunnen  
og sovnar i same augneblink  
som sola går ned i vest.

I kjellaren vaknar mysene  
og tussalus vrir på golvet  
utifrå loftet flyg flaggermus  
og ei vevkjerring spinn sitt nett.

Heile natta står huset og søv  
og knakar iblant i søvne.  
I sommarnattslyset det liknar litt  
eit flott måleri av seg sjølv.

**Ragnbild Vik Nilsen**

# Credo


*Av Dagfinn Hjelldrekk*

Ættartreet i hegna land  
vel er det vyrdsla av hage hand.  
Lauvet på greina er syster og bror.  
Æva gav livsande.  
Næring gav jord.

Stryk enn eit vindkast sitt kalde drag  
kvast gjennom krana ein haustadag,  
fell blada visne mot gulna strå,  
treet, det skal ikkje døy endå.

Alt det som føddest som knoppar i år,  
mognast til nye lauv neste år.

Og trekruna susar sitt evige kor:  
– Æva gav livsande.  
Næring gav jord.



*Sommarkveld*  
Elsa Norunn Håbeim Nydal



# Fredsåret 1945

50 års minne

Av Sverre J. Befring

Dei aller fleste nordmenn hadde særst lite tiltru til den tyske rikskanslaren Adolf Hitler. Særleg etter at han gjekk til åtak på Polen hausten 1939 vart denne mistrua til eit inderleg hat.

Vaksne folk som fylgde med i Hitler sine herjingar i Europa, gjekk nok med ein otte i seg at landet vårt var i fære. Likevel kom det tyske overfallet og invasjonen 9. april 1940 som ei stor overrumpling på det norske folket. Ja det var som eit slag i andletet. Nordmenn ville sjølvstakt ikkje finne seg i at framande militærmakter skulle råde over norsk grunn og gjekk med ein gong til open krig mot tyskarane som alt i tidlege morgontimar hadde funne seg solid feste i dei største norske byane. Av dei som vart mobiliserte til krigsteneste var 83 unge jølstringar. Ikkje alle same dagen, men ein stor flokk drog avstad alt 9. april.

Dei som reiste frå Stardalen samla seg ved Lyngstadfossen, og mange andre hadde og møtt fram for å

take farvel og kome med oppmuntring. Som avskil vart det gjort forsøk på å synge "Ja, vi elsker dette landet", men prestasjonane vart elendige sjølv om mesteparten av mannskoret var til stades. Alvoret var for stort til å få kontroll på ord og tonar.

Første gudsteneste etter 9. april var i Helgheim søndag 14. april. Kyrkja var fullsett. Som inngongsalme hadde presten Kallovd valt nr. 614, "Gud signe vårt dyre fedreland". Men då organist Samuel Bolset stemde i med tonane til fedrelandssalmen så orka ikkje jølstringane å synge denne så kjære salmen. Dei berre gret. Det var ingen som kunne minnst so dårleg salmesong frå ei fullsett kyrkje.

Desse to døma gjev eit klårt bilete av korleis jølstringane hadde det desse vårdagane. Anders E. Klakkeg gav elles sin karakteristikk av situasjonen på ein litt annan måte: "Ein kom seg ikkje i gong med nokon ting, ein gjekk berre og undrast på kva som

W. 567

**GRENZZONEN-BESCHEINIGUNG** Grenzzone West  
**GRENSEBOERBEVIS** Grenseseone Vest

Nr.: 567

LENSMANNEN I JØLSTER

Polizeidirektor/Lensmann in Jølster  
Politimesteren/Lensmannen i Jølster

Inhaber dieser Grenzzonen-Bescheinigung,  
Innehaveren av dette grenseboerbevis

Sverre J. Befring geb. am 31/8-24; in Jølster  
født den 31/8-24; i Jølster

Beruf: Staatsangehörigkeit:  
Yrke: Gardsarbeidar Nasjonalitet: Norsk.

hat seinen/thren ständigen Wohnsitz in:  
har sin faste bopel i: Veiteberg

Polizei/Lensmanns-Bezirk:  
Politi/lensmanns-distrikt: Jølster.

Diese Bescheinigung berechtigt zum Verkehr in folgenden Polizei-  
bezirken der Grenzzone West:  
Dette bevis gir innehaveren rett til å ferdes i følgende politi-  
distrikter i Grenseseone Vest:

Alle

Ort: Jølster lensmannshonorat Siegel  
Sted: Jølster lensmannshonorat Stempel

Datum: 31/10-1940

LENSMANNEN I JØLSTER

Sverre J. Befring  
Eigenhändige Unterschrift  
Egenhändig underskrift

Samuel Bolset  
Unterschrift des Polizeidirektors bzw.  
Lensmanns  
Politimesterens eller lensmannens  
underskrift



var rettast: Prøve å gjere litt v rarbeid eller g  ut i skogen og henge seg."


Som 15  ring hugsa eg det meste av dette. Vi pr vde   halde oss orienterte om situasjonen ved   lytte p  grannen sin radio, men alt f rste kvelden vart radiosendingane overtekte av tyskarar og nasistar. Innhaldet i radiomeldingane var ikkje lenger til   stole p . Rykteflaumen florerte. Det vart transportvanskar. Sm rdunkane fr  Lyngstadfossen meieri vart stabla opp i ledige rom, men omsider fekk vi levert dette med   k yre med hest til Klakegg. Dette var berre eit d me p  problema som stadig dukka opp. Det var liksom ingenting som fungerte slik som det skulle.

Soldatane v re h yrde vi lite til. Nokre kom heim etter   ha vore i krigshandlingar i Hordaland, s rleg p  Voss. Men nokre, og kanskje dei fleste av j lstringane vart sende til Valdres der det var harde kampar. Det var med stor  ndring og respekt eg vitja desse stadane vel 50  r etterp : H ljarasten, Bagn, Tons sen, Breidablikk og for ikkje   gl yme Gr beinh let og Bergan gard som no er freda som krigsminnesmerke. Kong Olav avduka minnesmerket der p  tunet i 1990.

Dei siste krigsdeltakarane fr  J lser kom heim midt i mai. I takksemd over at alle kom vel heimatt, vart

don vart oppretta faste radiosendingar p  norsk gjennom BBC. No lydde vi helst p  meldingar som kom der fr  og sette v r lit til dei. Men dette var nok for godt for oss. Det norske folket skulle kuast under Hitler si harde j rnhand. Sommaren 1941 vart dei private radioapparata inndregne, f rst p  kysten, seinare i innlandet. Innleveringane tok til i J lster 2. august. I Stardalen 7. august. Apparata vart tekne hand om og l st inne p  eit ledig rom i grenda. No var det berre dei nordmenn som melde seg inn i NS som fekk ha private radiomottakarar. Dette vart eit nytt slag mot demokratiet. Men dei dristigaste skaffa seg radio p  "ulovleg" vis. Enkelte stal apparatet ut fr  lageret. Andre skaffa seg spesialbygde mottakarar. Eit apparat som var i dagleg bruk her i Sardalen var bygd inne i ein vanleg kuffert og soleis litt lettare   flytte fr  stad til stad. Ein v ga ikkje   ha dette for lenge p  kvar stad, men flytte p  det rett som det var. I 1942 truga sjefen for den tyske terroren i Noreg, Josef Terboven, med at dei som hadde ulovleg radio som dei lytta p  kunne risikere d dsstraff. Ein m tte soleis vere s rs varsam med slike ting. Men vi frette ofte nytt fr  London, sj lv om folk ikkje hadde direkte kjennskap til kvar desse meldingane kom fr .


Elles vart det spreidd ein heil del "flygeblad" eller



N ringsdepartementet  
Avdelingen for  
provisjering og  
rasjonering

### S pekort for tiden februar-juli 1945.

Kortet er bare gyldig n r det er stemplet av forsyningsnemnda og innehaverens navn og adresse er f rt p . P  hvert merke f s kjøpt de s peslag og den mengde s pe som avdelingen til enhver tid bestemmer. Hvert merke gj lder i den tiden det lyder p  og er ugyldig etter denne tid. Det kan kjøpes 1 m ned p  forskudd. L se merker gj lder ikke. Salg, kjøp eller annen overdragelse av kort er straffbar.



Navn: .....

Adresse: .....

det halde takkegudstenester i b e kyrkjene i J lster. F rst i Helgheim 21. juli. Ei veke seinare i  lhus. Vi kan lese om dette i Hyrdingr ysta. P  b e stader var ein krigsdeltakar fram og heldt ei stutt tale. Samuel K. Bakke i Helgheim og Sigurd  rset i  lhus. B e stader var Stardalen mannskor med, leia av Samuel Bakke. Til slutt skriv Hyrdingr ysta: "D  "Ja, vi elsker" sette inn fr  koret reiste lyden seg. No s g ein augo dog-gast jamvel p  sterke menn."

Krigshandlingane tok slutt og godt var det. Men at den tyske milit rmakta skulle r de og bestemme over oss og landet v rt, det irriterte oss i h gste grad. Den norske kvardagen var totalt forandra. Kongen hadde r mt til England saman med regjeringa og hadde ikkje skrive under noko fredsavtale med Tyskland. Slik sett var vi framleis i krig med tyskarane. Fr  Lon-

ofte kalla illegale skrifter. Eit av desse som heitte "Rundskue" har eg sidan h yrt kom ut i  lesund. I desse skriva vart det peika p  ymse gode r d   halde seg til i samband med tyske p bod. Rundskriva skulle g  fr  mann til mann, men det hende at vi f rst skreiv dei av f r vi sende det vidare. Kopien g ymde vi vel.

### Rasjonering

Forsyningsnemnd og rasjonering var kome i stand f r krigen kom til Noreg. Kaffi og bensin var d  rasjonert, men med bra romslege kvotar. Men d  vi vart eit h rteke land, vart det etter kvart rasjonering p  det aller meste; mj l og br dvarer, kl r og sko, tobakk, olje, sukker, sjokolade, vin og brennevin. Mange varer som vi ikkje fekk rasjoneringskort p  var ofte



vanskeleg å få tak i. I handelen kom ymse erstatningsvarer, kalla "surrugat". Soleis kunne vi få kjøpt t.d. kaffierstatning med ein smak som minna lite om kaffi, men fargen klarte seg, so vidt der var. I heimane vart det eksperimentert med ymse slag heimelaga kaffierstatning. Det mest vanlege var byggkorn som vi brennde og mol på kaffikverna. Erter vart og gjort forsøk å lage kaffi av.

Sikta kveitemjøl var ikkje råd å få kjøpt utan tilvisning frå forsyningsnemnda. Slik tilvising fekk ein ikkje utan å ha attest frå dokter at du hadde trong for slikt mjøl for magehelsa. På vanleg brødkort fekk vi kjøpe det sokalla brødmjølet. Analysen på dette mjølet er ukjent, men eigenskapane er vel kjende. Brød av dette mjølet var vanskeleg å få til å heve seg sjølv om ein var heldig å få tak i skikkeleg gjær. Husmora gjorde alt ho kunne, men skikkeleg brød var vanskeleg å få til. Brøda var vanskeleg å få gjennomsteikte. Det var oftast ei rå rand midt i skiva. Dessutan likte ikkje magane denne maten. Det æsa opp i magen og

lagre raspa poteter som utvikla ein gjæringsprosess og kunne brukast som hevingsmiddel. Som vi forstår så vart husmora sett på harde prøver. Det var slett ingen spøk å stelle til god mat når ingrediensane vanta.

Hest eller sykkel var vanlege framkomstmidlar. Etter kvart vart det vanskeleg å få kjøpt sykkeldekk. Om ein var heppen og fekk tilvising på dekk, så var kvaliteten på gummien dårleg og vara fekk stutt levetid. Det var tryggast å ha med seg ein del snøre til å surre sykkelhjulet med om det var fære for punktering. I slutten av krigen vart hyssing og snøre laga av papir og tolde sjølv sagt ikkje væte i lenger tid. Tjukare liner og tog som vart bruka til å surre hestelass med vart og laga av papir, då innveve med ståltråd for å få større styrke. No fekk ein av og til kjøpt – på tilvising – skinnsko. Fine å sjå til, men ofte innersole av papirmateriale. Det seier seg sjølv at dette ikkje tolde store mengder av væte før dei gjekk i oppløysing. Det aller siste på denne krigsmarknaden var vel skinnsko med trebotn. Solen var då av tre med innsa-



**NÆRINGSDEPARTEMENTET**  
Avdelingen for proviantering  
og rasjonering

## Mel- og brødkort for tida 4.–17. oktober 1943

**Serie A**  
20. kortperiode

NB! På dette kort fås ikkje kjøpt finsiktet hvetemel eller bakverk herav.

Navn: .....

laga mykje mageluft. Naturleg nok måtte denne lufta sleppast ut og det vart sagt og skrive mangt og mykje om denne ekstra "krafta" som folk sat inne med. Nokre kjende døme: "Den nye vinden som bles over landet", "Sykkelen min går på brøddamp!" Eller som nordfjordingen sa: "Eg fise uavladeleg."

Såpa som vi skulle vaske oss med, den so kalla B-såpa var eit anna døme på "krisevarer" som vi fekk kjøpt. Såpeskum var berre noko vi drøymde om. Den skumma ikkje det grann, men la seg som eit grått belegg der ein smurde den på. Ja, det vart hevda at ein var skitnare etter eit vask med B-såpa enn før ein tok til. Det var nok handkledet som måtte ta ansvaret for reinhaldet. Klævaske var ei onnor side av reinhaldet. For oss vart det problemet løyst med å lage vår eiga såpe. Heimekokt såpe var særst godt eigna til klævaske. Problemet låg helst i råvarene. Vi samla på dyrefeitt til vi hadde ei høveleg mengde til koking. Ogso feitt av sjølvdauda dyr kunne nyttast til slikt føremål. Problemet var for det meste kjemikaliane: Kaustisk soda som var vanskeleg å oppdrive.

Av og til var gjær til brødbaking vanskeleg å få kjøpt. Då vart gjerne ein klatt av den gjæra deigen teke vare på og oppbevare i tørt mjøl til neste brødbaking. Då måtte denne klatten bløytast godt oppatt før den vart brukt i deiga. Ein annan metode var å

ga rifler på undersida slik at den kunne bøye seg litt.

Vi vart kanskje dristigare etter kvart med å motarbeide "Die Wehrmacht". Det hjelpte oss til å stå saman og nøre opp under kampen for fridomen. Vi var aldri i tvil om at fridomsdagen ville koma, men kva tid og korleis ana vi lite om. Ein binders i jakkeslaget fortalde om samhald mot nasistisk tyranni. Elles var V-teiknet synt med to fingrar opp bruka som helsing. Teiknet tydde siger. Dette V-teiknet vart måla eller skrive på strategiske stadar, ofte med Kong Håkon sitt symbol inne i V-en.

### Ungdomen i fåresona

"Vernemakta" prøvde på mange måtar å få hand om den norske ungdommen, og forsøkte med lokking i førstninga. Det var først dei siste krigsåra at det vart system i rekrutteringa. Dette vart kalla arbeidsteneste, sjølv om opplæringa minna mykje om militærtjeneste. Det var i grunn berre våpenet som var skilnaden. I arbeidstenesta vart det eksersis med spade i staden for gevær. Spaden symboliserte at "Norsk ungdom bygger landet". Men tanken bak denne tenesta var utan tvil å erstatte spaden med gevær i ein viss situasjon. Difor vart det vanskelegare etter kvart å bli friteken eller å få utsetjing av tenesta. Regjeringa i England mana ungdommen til ikkje å møte. "Dra på

Gjør skotøyet rent etter bruk. — Legg det til tørk, men ikke for nær ovn eller i sterk sol. —  
 Fyll skotøyet godt med avispir, som trekker fuktigheten ut. —  
 Bruk skobespar og innleggssåler. —

Fra forsyningsnemnda

PORTO



BETALT

til

—Fru—  
 —Frøken— *Surie J. Bifring*  
 Herr

*Klakegg*

Deres søknad av *17/2* 1943  
 er ikke blitt innvilget.

*isteden skaffetøler*

Forsyningsnemnda i Jølster *24/2* 1943  
*G.H.*

Skjema S 30

skauen" var parolen der i frå. Når det så vart kjent at der var streng straff for ikkje å møte, så var valet likevel ikkje lett.

Alle fastbuande måtte utstyre seg med grensesonepass. På vårt pass stod det "grensesone vest". Det skulle ikkje vere lett å flytte seg frå ein landsdel til ein annan. Når vi var ute på reis kunne vi kome i passkontroll, så det var tryggast å ha passet med seg.

Anton Øygard var ordførar i Jølster då krigen tok til. Han hadde store vanskar med å samarbeide med den forhata styresmakta. Dette nådde sitt klimaks på eit fylkesting på Sandane. På saklista var spørsmål om å sende helsing frå fylkestinget til Vidkun Quisling. Dette ville ikkje jølsterordføraren vere med på. Han hadde innlegget sitt i denne saka med grunngeving klart føre møtet. I tilfelle dette skulle føre til arrestasjon, noko han ikkje såg bort frå kunne hende, gjorde ordføraren avtale med Albert, bror sin, som budde på Sandane om å vere til stades på møtet. Dersom Anton kom i vanskar etter innlegget sitt, skulle dei prøve å

flykte i ein bil som Albert hadde leigt seg og som stod utanfor tinghuset. Innlegget til ordføraren vart truleg berre ei protokolltilførsle. Det vart ingen arrestasjon heldigvis, men dette kosta han ordførarstolen.

Derimot vart lensmannen vår funnen god nok til å halde fram som lensmann alle krigsåra. Dette var nok ein føremun for jølstringane i staden for å få ein NS-lensmann. Arrestasjonen av Erik Kjosnes var utanvil den saka som vekte den største mistillit til lensmannen, sett frå jølstringane sin ståstad. Erik Kjosnes var aktivt med i den kjende "Stein-organisasjonen" med føremål å bygge opp den norske motstandsørsla, Heimefronten. Til Jølster lensmannskontor kom arrestordre på E. Kjosnes. Slik eg kjenner saka, så reiste lensmannen saman med betjenten sin i bil til Kjosnes. Erik var ikkje heime. Han hadde reist til tanta si i Sanddalen. Der fekk han varsel om kven som søkte etter han. Truleg oversåg han det store alvoret i dette. I alle høve fann lensmannsfolka han der i Sanddalen og arresterte han. Til lensmannen sitt forsvar kan ein undrast på om han sjølv såg det store alvoret i denne

arrestasjonen. Erik kom aldri heimatt. Han hamna til slutt i tyske konsentrasjonsleirar og døydde der siste krigsvinteren. Erik Kjosnes var einaste jølstring som miste livet med krigen som direkte årsak og har heilt rettkome fått sin minnestein framføre inngangen til Helgheim kyrkje. Mange jølstringar har aldri kunne tilgje lensmannsfolka denne arrestasjonen. Saka vart jamvel granska av politiet etter krigen og lensmannen vart frikjend, eller, skal vi seia, reinvaska.

Utfallet vart langt betre då den same lensmannen var med og skulle arrestere Dagfinn D. Åmot. Der hadde lensmannen med seg to væpna tyskarar. På ein dårleg brøytt vinterveg vart det brukt hesteskyss innover Stardalen. Kusk var Anders Oddland. Dagfinn, som hadde landpostruta til Klakegg, fekk varsel på Veiteberg postkontor om følgjet som var på veg innover for å treffe han. Dagfinn var og innfiltra i heimefrontarbeid og skyna sikkert betre enn dei fleste at eit møte med denne hesteskyssen var livsfarleg for han. Han heldt likevel fram med postruta si, men gjorde ei



nokså kald og fin berekning. På Flatjord gjekk han av vegen og fekk låne eit utedo. Der frå held han auge med hesteskyssen. Då denne hadde passert, heldt han fram med postruta til Klakegg, leverte posten og stakk av, gjennom Førds til Årdal i Breim. Der fekk han opphalde seg til krigen var slutt, omlag ein og ein halv måned seinare. Dei som skulle arrestere postmannen sat ved postkontoret på Veiteberg og venta til fånyttas på postmannen som etter ruta skulle returnere med post. Men Dagfinn berga livet.

Det gjorde derimot ikkje handelsmann Sverre Kvammen som var hjelpsam med folk som hadde vanskar med å klare seg med dei strenge og tilmålte rasjonane. Det vart ikkje teke så nøye med kort og tilvisingar. Endå han nok var fullt klår over fåren med dette. For då Prispolitiet dukka opp i butikken fekk Sverre lure seg ut ei bakdør og sprang til skogs. Dette var ein av siste dagane av oktober 1944. Om natta kom 4-5 væpna karar, men han klarde å kome seg unna. Tyskarane held fram med forfylgginga og Kvammen leid mykje vondt i skog og mark og fekk sjukdom på seg. Først giktfeber, seinare lungebetenelse og døydde bort frå heimen i nov. 1944 berre 33 år gamal. Mykje folk fylgde i gravferda. Ein av ungdomsvenene hans sa då m.a.: «Det må vere lett å døyr når ein har fått gjort så mykje godt». Vi let desse orda stå for Sverre Kvammen sitt ettermæle. (Opplysningar er frå Hyrd.røysta nr. 1.1945.)

Rasjoneringa hardna til og varemangelen vart meir merkbar etter som åra gjekk. Tobakk var ikkje å få kjøpt sjølv om ein hadde tobakkskort. Røykjande bønder tok til med å dyrke tobakk heime. Tobakkplantane vart godt stelte og vaks villeg. Om hausten og vinteren var det reine studieringar om tobakksforredling. Siste kringsvinteren tok tobakksfabrikkar i mot heimeavla tobakk til foredling. Då var resultatet straks litt betre.

Tvangsdyrking av korn og poteter vart bøndene pålagde, sjølv om det var dårleg tilgang på kunstgjødsel. Mesteparten av husdyrgjødsel gjekk då med til å gjødsle åkerarealet. Graset laut klare seg med mindre. Bøndene lærde seg litt etter kvart å lure vekk både korn, smør og kjøt. Dette skapte gode kontaktar i byane. Særleg var smør kjærkome å få for byfolk der feittmangelen i maten var stor. Det kom soleis i stand mange slag "handelsavtaler". Kunne vi skaffe valuta (les smør, fleisk, mjøl eller gamalost), så kunne vi få att: sikta kveitemjøl, kaffi, sukker, ekte tobakksvarer eller blank og fin parafin til lampeolje. Farbror min hadde ei god kontakt på kysten der vi fekk lettsalta fisk i heile kassar til vidare sal og deling. Det hende og at det vart "lurt" unna levande dyr som ikkje var med i oppgåvene. Det var slik at det vart utpeika nokre personar til å fare frå stad til stad for å kontrollere dyretalet. Ein gong var dette dyret ein gris som ikkje var oppført i oppgåvene. Denne måtte lurast inn i høyrømmet og vart halden med selskap til kontrollen var over. Vi hadde i grunn godt samvit for slike ulovlege lurestykke. Så lenge det vi lurte unna gjekk til våre eigne trengande landsmenn tykte vi det "for vel". På

same tid hjelpte vi oss sjølv med varer vi sårt trengde i hardt arbeid.

### **Gardskverna**

Vi fekk male på eiga kvern det kornet vi brukte i eige hushald. Siste krigsåra vart det jamvel dyrka kveite til og med her i Stardalen. Særleg eit år var den av nokså bra kvalitet. To somrar vart gardskvernane forsegle og skulle ikkje brukast. Om hausten fekk vi løyve til å male att. Sjølv om kverna var forsegle så hende det at vi mol likevel. Klypte av ståltråden som seglet var festa på, etterpå stakk vi ståltråden på plass att og alt såg ut til å vere i orden. Siste gongen seglet kunne takast bort, var det lensmannsbetj. Valaker som kom med den gladmeldinga. Då datt det ut av han Nils Befring: "Da e no fjelgare å male når dar ikkje e segl på". Betjenten var uviss på om han skulle le eller vere alvorleg.

### **Da går mot ein slutt på krigen**

Sidan allierte styrkar gjekk i land i Normandi sumaren -44, måtte tyskarane gje frå seg landområde i Europa, bete for bete. Særleg i 1945 skyna vi at det gjekk mot siger og fred. Det var på høg tid. 5 lange år med streng rasjonering og varemangel synta att på mange måtar. Slitne og bømte klær, gjerne med hol attmed bota var vanleg syn. Utgatte sko og utette gummistøvlar. Når vi i våre dagar ser ungdom som går med holete og lurvete, frynsete klær for di dette er "in", då er det kanskje ikkje så rart om vi grøssar, vi som har opplevd verkeleg dagleg kamp for å halde arbeidskledda i nokolunde stand.

Mangel på tobakk kan ein vel ikkje seie var livstrugande, men graden av velvære var monaleg redusert. Nei, det var nok mangel på skikkeleg god brødmatt som var det verste for oss i Jølster. Ein kunne til tider bli lei av god bygg- og havregraut og.

I førstninga av mai -45 skjøna vi at freden var nær førestående. No måtte det vere berre dagar om å gjerre. Det som var mykje omsnakka var om tyskarane ville overgje seg frivillig her i landet eller om dei måtte drivast ut med militær makt. Det siste var lite kjekt å tenkje på. Med tanke på freden vart flaggstengene kontrollerte og dei som ikkje hadde brukande stong reiste i skogen og fann eit høveleg tre til føremålet. Vi hjelpte kvarandre for å få alt til rette. Det var tidlegare vår dette året enn vi var van med så vårarbeidet kom tidleg i gang. 8. mai 1945 er vel den lukkelegaste dagen i mange kvinner og menn sitt liv. Melding om at krigen verkeleg var slutt kom frå grannen etter at vi hadde fått potetene i jorda på føremiddagen. Denne grannen hadde no dette hemmelege radioapparatet som alle visste fanst, men få visste kvar det var. No var ingen ting hemmeleg lenger. Rømlingane kom fram frå sine gøymleser. Vi gratulerte kvarandre. Flagga kom til topps i flaggstengene som hadde "stått nakne mellom nordens grønnende trær". Det vart fest i alle grender. Ut på ettermiddagen vart folket i vår grend invitert til å

høyre proklameringa av kapitulasjonen. Nokre hollandske rømlingar som hadde opphalde seg på Befringstøylen og til slutt på Befring vart med på denne samkoma som var i stova til Daniel J. Befring, på Vollen. Både stova og kjøkkenet var fullsett då vi frå den "illegale" radioen fekk vere vitne til at krigen verkeleg var slutt. Proklamasjonen vart lesen på fleire språk, også på hollandsk slik at våre hollandske vener fekk høyre det på sitt språk. Det var ei mektig og høgtidssam stund. Frå radioen vart spela og sunge "Ja, vi elsker dette landet". Mange av oss prøvde å syngje med. Men songprestasjonane vart visseleg like dårlege som dei var for 5 år sidan, 9. april 1940 då det ved Lyngstadfossen vart teke farvel med Stardalsgutane som skulle i krigen. No var det ei heilt onnor kjensle som gjorde at klumpen i halsen ville stenge for både ord og tonar. Det var likevel ei uvanleg GOD kjensle som var blanda med både smil, takksemd og gledetarer. Kva som gjekk føre seg andre stader i bygda i denne tida, kjenner eg ikkje til. Eg må difor innskrenke referatet mitt til det som hende i Stardalen.

8. mai om kvelden vart det skipa til fest i Haugtun. Festen vart leia av tidlegare ordførar Th. Veiteberg. Dei som hadde vore med i krigen og rømlingane vart spesielt gratulert med freden. Nokre held stutte taler eller fortalde om ymse hendingar. Hollendarane måtte fram på podiet. Dei song sin eigen nasjonalsong. Ei som var berre småjente den gongen har fortalt meg sidan at ho undrast på kvifor desse gutane gret. Seinare har ho nok funne svar på det. Den "illegale" radioen sto på utstilling så alle fekk sjå den. Ein anna radio var henta fram frå oppsamlingsplassen. Der frå fekk vi høyre Kong Håkon 7. si tale til sitt norske folk. Mannskoret var sjølvsagt fram og song av sitt repertoar og slutten på det heile var servering av rjomegraut i matsalen. Utruleg flott gjort å få til ei slik tilskiping på so stutt tid.

Men det vart meir fest. 17. mai var den andre store festdagen som vart høgtida i heile bygda. Eg minnest mindre av feiringa denne dagen, men den var i Haugtun den og. Særskilt minnest eg at festleiaren tok til med dette:

*I Noregs vetter rann ein vår og sol reiv mørkret sunder  
det var ein maimorgon klår, so fager som eit under.  
Då rann vår fridoms sol utover Norigs jord.  
Vår gamle konungsstol var reist i Noreg ny  
og opp frå bygd og by steig lovsong over landet.*

Dette verset av Blix var som det var skrive til fredsåret 1945, men var nok opphøveleg skrive til grunn-

lovsdagen 17. mai. Ein må undrast over at denne salmen ikkje fekk plass i Norsk Salmebok.

### **Vaktbald**

Etter at tyskarane hadde kapitulert stod vi fram for store nasjonale oppgåver. Alt tysk mannskap måtte avvæpnast og setjast under norsk militærvakt. Det vart organisert store norske militærstyrkar til å stå vakt over tysk mannskap og militære lager. Mange jølstringar var med i desse vaktstyrkane. Særleg var dette aktuelt i Førde og Florø. Seinare kom turen til nasistane. Dei vart stillt for retten og fekk si straff tilmålt etter den skade vedkomande hadde valda mot kvinner og menn og mot samfunnet. Mange av dei fekk lite straff. Etter at dei hadde sona straffa si, kunne dei "rette ryggen" og etter kvart leve eit normalt liv att. Når vi i ettertid opplever at nasistane framleis ikkje vil vedgå at dei gjorde noko gale med å stå på fienden si side under krigen, kan vi lure på om dei fekk straff nok.

Varemangelen ordna seg ikkje over natta sjølv om det vart fred. Det tok tid å bygge opp varelageret att i Europa. Alle landa her var utpinte. Det har undra oss at nokre amerikanske kjeks var i handelen berre få dagar etter kapitulasjonen. Mange forlova par gifte seg i 1945. No vart det større glede også med bryllaupsfestane og dei nygifte gjekk ei ljøs framtid i møte.

### **Fredsmarsj**

Om hausten dette fredsåret vart den landsomfattande fredsmarsjen arrangert. I alle krinsane i Jølster vart det arrangert for deltaking i alle aldrar og deltakinga var svært god. Dei som deltok fekk utlevert fredsmarsjmerket 1945.

Mange jølstringar melde seg til teneste for å bygge oppatt Finnmark etter at tyskarane hadde brent ned husa før dei forlet området.

Den folkekjære dokter Trygve Bydal i Førde som også var jølstringane sin dokter kom heim i mai -45 etter å ha vore i fangenskap på Grini. Første gongen han vitja hytta si på Kjosnes i Jølster etter heimkoma arrangerte jølstringane eit festleg mottak for han. Spelmannen Anders Viken gjekk i brodden for eit opp- tog bort til hytta hans. Ei jølstrakone i bunad bar med seg eit spekekjøtlår som ho overrekte dokteren med gode velkomstord. Stardalen mannskor var med og song og heidersmannen sjølv var så gripen av dette at han hadde vanskar med å bere fram si hjartelege takk.

Jau, det var ei herleg tid. No følte ein meir glede over det ein tok seg til. Vi såg ljost på framtida.



## *Veitebergsdalen*

*Av Edgar Holen*

Mellom dei som lever i dag, er det få eller ingen som har konkret minne om ferdsel gjennom Veitebergsdalen som hadde andre føremål enn rekreasjon og naturoppleving. Likevel veit vi sikkert at i gamle dagar gjekk ein del av trafikken mellom Jølster og Nordfjord nettopp her, men det ligg truleg nokså langt tilbake i tid. I mesteparten av førre hundreåret var Førde i Jølster det viktigaste knutepunktet for trafikken til Sandane og lenger nordover. Noko ferdsel var det gjennom Våtedalen, også før vegen kom i 1890 åra.


### *Stamperiet på Veiteberg*

Sverre Myklebust har notert at folk frå Breim kom gjennom Veitebergsdalen med store tøyrollar til stamperiet på Veiteberg. Stampinga var ein prosess som

skulle gjere det heimevovne tøyet mjukare, tettare, og meir slitesterkt. Dette stamperiet på Veiteberg kan ha vore eit av dei første «industriiltak» på desse kanter i naturalhushaldets tid.

### *Beiting og stølsdrift*


Kva gjekk dei elles etter, desse som for gjennom Veitebergsdalen? Å, dei kunne ha mange slags ærend. Krøtterhandel, eller annan handel, friarferd kanskje, og sjølvstekt vitjing hjå kjenningar og skyldfolk. Heilt ukjent var ikkje dette terrenget for ugjerningsmenn heller. Dei to tjuvane som ei tid hadde hovudkvarter i Tjovura ved Flatjord, valde Veitebergsdalen som rømningsveg då tolmodet tok slutt for folket i Stardalen. Ein av dei vart overmanna i Veitebergsdalen, den andre kom seg til Breim der han vart omringa i ei løe.



*Dette biletet er teke frå Fjøsammaren i Veitebergsdalen. Sollinova i bakgrunnen.*

Gardane på Veiteberg hadde støylane sine i Veitebergsdalen. No står berre murane att, men dalen er framleis verdfull som beite for sau og storfe, veda-skog, og dessutan er det mange som meiner at betre bær enn den som veks innover Fjøshammaren og Gunnastøylen, finn ein få andre stader. Dette fekk eg sjølv delvis prova i sommar som var. Veret i juni og juli gjorde at mykje blåbær rotna, men i Veitebergsdalen var kvaliteten ganske bra. Det har sjølv sagt noko å gjere med at det som var av sol, tok godt i dette lendet.

For dei fleste er vel Veitebergsdalen i dag mest kjend som turterreng. Det er ca 12 km frå Veiteberg til Myklebust i Breim. Høgaste punktet er Bakkestøylen på ca 600 meter. Skuleklassar, bondekvinnelag og andre går år om anna denne turen som blir rekna for å vere noko enklare enn å gå over Oldeskaret mellom Høyseth og Briksdal. Dei siste åra har Stardalen sommarkafe vorte eit attraktivt mål for folk som kjem gjennom Veitebergsdalen. I dag er det opparbeidd veg frå Veiteberg og innom Gunnastøylen. Ein må ha løyve av grunneigarane for å køyre der, dessutan er vegen i brattaste laget for vanlege personbilar. Men kva gjer det vel om vi har att noko lende som er reservert for fotfolk? Ein tur i Veitebergsdalen er vel verd både litt sveitte og litt skoslit.



*For born og voksne er det nok av idyllar i Veitebergsdalen. Frå Reinevatnet mot Breim.*

*Skilauparar i Veitebergsdalen omkring 1960. Frå v.: Tor Veiteberg, Olianna Flatjord, Dagfrid Flølo og Samuel S. Veiteberg.*



# Gamal gravferdsskikk


Av Edgar Holen

På Flatjord i Stardalen er det ein bø som kallast Mannelesveene. Tollef Flatjord, som er 98 år no, gjer greie for opphavet til dette namnet slik:

I gamle dagar gjekk vegen gjennom Stardalen eit stykke lenger unna elva enn no. Før elevereguleringa var det ikkje så sjeldan at dei stadane der vegen no går stod under vatn. Gamlevegen gjekk helst frå tun til tun. I nærleiken av Ospeneset var det ei grind, men på eine sida av vegen var det eit led i gjerdet. Det var akkurat breitt nok til at ei likkiste kunne berast igjennom. Når eit gravfølge passerte denne staden, vart kista lyfta av vogn eller slede og boren gjennom ledet. Meininga var at den døde ikkje skulle

finne vegen heimatt, ikkje gå att etter seg der han eller ho hadde levd.

Tollef kan ikkje hugse at manneledet på Ospeneset har vore i bruk i hans tid. Folkeopplysninga gjorde vel slike gravferdsskikkar uaktuelle. Truleg fanst det fleire slike «mannele» rundt i bygda. Ludvig Bakke, 87 år, har dessutan kjennskap til at det i gamle hus var ein glugge i veggen som dei døde vart tekne ut igjennom. Det måtte ikkje skje gjennom døra. På Klakegg skal det ha vore ein stor stein. Når eit gravfølge passerte skulle kista køyrast rundt denne steinen. Alt var for at dei døde ikkje skulle finne vegen heimatt og skape uhygge der.



*Maigrønt.*  
Elsa Norunn Håbeim Nydal

# Avguden Tvil

Edgar Holen

I slott og hytte  
heng bilete av deg.  
Stundom har du horn,  
oftare kongekrone.  
Jamvel tornekrans  
har eg sett deg med.  
Det kjem an på  
kven som målar deg.  
Stundom kviler du  
lat og mett på mjukseng.  
Du kan og vere steinberar  
som Sisyfos.  
Best tek du deg ut  
som uredd stridsmann,  
ein leigesoldat  
som byr oss vern og vakt  
mot fiendens våpen.  
Du tek oss gjerne  
på ryggen i våtlende,  
så vi held oss turre  
på føtene.

Sjølvforsvarets tusenkunstnarar  
målar deg i ulike variantar.  
Nokre målar med skjelvande hender,  
andre med nevar  
som nyss var knytte til slag.  
Verst er dei som seier  
at dei ikkje kjenner deg,  
men som har fingrar  
skapt til å peike med.  
Skråsikkert peiker dei ut  
gode og vonde menneske,  
smale og breie vegar.  
Samstundes lurar dei inn  
portrettet av Avguden Tvil  
direkte på hjarteveggen  
hjá sin neste.

## «Ka seie du, ka sa du, ka meine du med da du?»

Magnar Juklestad

Kan dette vere ei høveleg overskrift på ei fast språkspalte i Jølst?

Styret i mållaget kom ikkje på noko betre, og sidan det var underskrivne som kom på det, så måtte eg starte også – må vite. Denne spalta skal vere ein stad ein kan spørje om ord og uttrykk i målet vårt, eller komme med anna om emnet.

Jølstramålet kan også kome litt tydeligare fram i skriftmålet i bladet enn i dag, meiner no eg.

So, litt om det «eg har på hjarte», nemleg dei endringane eg høyrer i språket til den oppveksande slekt.

Vi har noko som på fint heiter dativ eller påstadsnemning i talemålet vårt. Eldre, og folk i min generasjon, seier at «båten ligg ute på vatna», altså påstadsnemning, men at eg skal ned til vatnet (til stad), og vi seier at han var med bussa. Ivar Aasen meinte at dativ var på veg ut, og ville ikkje ha det med i skriftmålet sitt, likevel har det altså overlevd til no her i Jølster. Men eg høyrer det ikkje att hjå ungdomen.

Elles høyrer vi ofte det som går under nemninga knot. Det mest vanlege no er påverknad frå bergensmålet og bokmålet, slik at vi snart får eit sunnfjordmål med berre to kjønn. Det er då hokjønn det går utover, naturlegvis. Det heiter ikkje omsetjinga men omsettingen, sendingen istadenfor sendinga.

Dette bokmålsfenomenet er ikkje tydeleg hos yngre, og må då ha noko med status å gjere. Svært få ville seie kuen eller kyren, så vi vil få ei todeling av hokjønnordet der konkrete ting vil få a-ending og resten en-ending.

Av lydar så høyrer det ut for at kalle med ein j-lyd i l-en (kallje) fell ut, likeeins kunne med j-lyd (kunjje). Det ein kan seie om alt slikt som har med endring av talemålet å gjere, er at vi blir litt fattigare. Om ein då ikkje skulle gå så langt som Ivar Aasen gjorde, og seie «Tynest tunga, døyr me fleir, standa aldri upp att meir».

Til slutt eit uttrykk eg lurar på: Sporen streks – for noko som må skje fort – kan nokon forklare korleis det er kome i bruk?



# Målsak 1947

*Det er Aasen-år og Aasen jubileum. Redaksjonen i Jølst synest difor det er på sin plass å trykkje dette flotte brevet.*

Jølster prestegard 14/10 1947.

Helgheim måldyrkingsring,  
ved formannen lærar Johs. A. Klakegg,  
K l a k e g g.

Me gled oss over at me no har fått eit syskenlag i Helgheim måldyrkingsring. Eit hjarteleg velkomen til sams arbeid for kjær sak! Måldyrkingsringen har mange oppgåvor. Utetter gjeld det å stå på vakt så mållova vert halden i vyrdnad og kravet vert røyndom: Jølster, vår kjære heimbygd, har teke steget heilt ut og gjeve nynorsken eineretten på heimgrunn. Lat oss vera vakne vaktmenn! Men største oppgåva for ringen vender seg nok innerter mot oss sjølve. Me gjer det me kan til å dyrka målet vårt, så me både i skrift og tale legg vinn på å må det beste. Det gjer me når me kvar for oss strevar etter å bannlysa frå målet vårt alt framandt og ureint som har trengt seg inn frå dansk og tysk. Lat oss hjelpast åt med det! Ein god måte til å æra far og mor på er å gjera songen til røyndom i livet vårt: Målet hennar mor me vil aldri, aldri glöyma -

Med helsing og ynske om framgang for sams sak

D y k k a r

*Christian Eibis    Hermann Thune,  
Andr. Hamar.    Eivind Hjeltnes.  
Eudtoms Kallhov.*

# 5. klasse ved Skei skule 1996/97

Sola er gul.  
Sola er varm.  
Sola skin på meg.


Geir Ove Underdal



## Hjorten

Vesle hjort  
kvar er du  
hen?  
Syning, så fort  
spor i skogen og  
spor i mark.  
Hjort er stort.

Tom Erik Sandal



## Jølster

Jølster, du er verda sin  
finaste plass.  
Alle folk i Jølster  
er gode folk, i fjella har du  
moltar og tytebær på lur  
Ja, her er eg fødd,  
og her vil eg bu.

Turid Skrede



## Naturen

er eit rart fenomen.  
Når hausten kjem, dett blada på trea av.  
Om vinteren er alt liksom kaldt og friskt, våren  
er så herleg og mjuk (som ulla på ein sau).  
Om sommaren er tida inne for å ta av seg skoa  
og gå berrføtt i det grønne graset.

Gry Beate Haugen

## Hausten

Hausten kjem ,sommaren er over,  
fuglane flyg til andre land  
blada på trea dett ned,  
det blir mørkare og mørkare og  
så kjem vinteren fram med  
eit kvitt lag og hausten er vekke.

Torunn Elisabeth Nydal



## Alle treng ein ven

Når alt er trist,  
og gleda kjem heilt til sist,  
treng du ein ven,  
som kan gjere deg glad igjen.  
Når alle går,  
og forlet deg åleine.  
Då må du aldri gi opp,  
men sei: ra, ha eg gjev meg ei.

Eirin Aardal



## Arbeid

Eg gled meg til vi  
skal ut og arbeide.  
Eg jobbar og slit.  
Det er gøy og kløyve ved.  
Eg køyrer traktor.  
Det er gøy.

Torbjørn Feldt



## Eg gledar meg

Eg gled meg til hausten,  
eg gled meg til våren,  
eg gled meg til hausten  
fordi at det blir vinter.  
Eg gled meg til våren  
fordi då blir det sommar.

Marta Sægrov





### Sommaren


Sommaren er fin  
då badar vi  
om sommaren  
har vi ferie  
sommaren er  
god og varm.  
Om sommaren  
kan vi gjere kva vi vil



Stian Kjørren

### Landet


Det er fint og bu på landet  
Der det er frisk luft  
Og vi kan gå for å gjæte sauer.  
Det gjer meg ingenting.  
Her ligg eg i blomsterenger.  
Og tenker på ingenting,  
for eg veit at sola alltid  
VIL skine her.



Nina Erikstad

### Vinteren


Vinteren er kald og kvit,  
det blæs snøfnugg overalt,  
eit snøfnugg landar på meg,  
det smeltar og forsvinn.  
Det er morosamt å  
vere ute om vinteren.  
Vi renner i bakkar og berg,  
så eg likar vinteren  
best av alle årstider.



Jonas S. Lindstad

### Jakt

Om hausten er det jakt  
og hjorten spring  
og gøymer seg.  
Då fer jegeren ut i  
skog og mark og  
leitar etter hjorten



Roger Egge

### Sommaren er over

Sommaren er over, med sol og varme.  
Hausten den er komen og trea er gule og oransje.  
Dei står der oppe i fjella og ropar «hausten er her».

Maria Juklestad



### Vår

Når våren kjem tek trea til  
å vekse, trea får blad og  
snøen blir vekke.  
Våren er ei fin årstid.


Henning Juklestad



### Vinteren

Vinteren, no kjem han igjen stor og kvit.  
Vinteren er der overalt.  
Han ligg der som ei dyne over landet vårt.

Raymond Lillemo



### Sommaren

Om somaren kan vi bade.  
Om sommaren kan vi sparke fotball.  
Om somaren kan vi sykle.  
Om sommaren kan vi  
gå i lette kle.  
Om sommaren kan vi  
gå på fjellet.  
Snipp, snapp snute då  
er eventyret ute.



Ørjan Kjosnes

I ferien badar vi  
og spelar fotball  
og dreg på ferie.

Kåre Amot



# SkeiVass-koret

*Bjørn Anders Steinsund*



Hausten 1987 bestemte nokre eldsjeler seg for å starte opp eit nytt kor i Jølster. Målet var å få med songarar frå heile bygda. Det viste seg å vere stor songinteresse i kommunen. Koret fekk etter diskusjonar, avstemming, namnet SkeiVass-koret.

Medlemstalet har vore oppe i 28 personar. I dag er vi berre 17. Det kan til tider vere litt lite – så vil du vere med på notane, må du gjerne ta kontakt med oss.

Som namnet seier, har vi annakvar øving på Skei og Vassenden. Øvingsdag er torsdag. Då møter vi opp med pågangsmot, kaffikanne, songglede og oftast godt humør. Repertoaret vårt er svært blanda. Alt frå vers av Rakel Viken, tonesette av Per Indrehus – til renessansemusikk og gamle folketonar.

Øvingane peikar alltid fram mot ei framføring. Vi arrangerer konsertar, «syng med oss»-kveldar og vi deltek på songarstemne, kor- og dirigentseminar og

korcup. Om vi ikkje alltid vinn konkurransar, gjer vi alltid kva vi kan for å vinne festen seinare på kvelden. Som du sikkert forstår, er vi ein godt samansveisa og «ungdommeleg» gjeng – ein vert gjerne det av å syngje ilag.

Gjennom desse ni åra har vi engasjert åtte dirigentar. No er det Malgorzata Anna Tveit som svingar taktstokken!

Som oppstartsdatoen viser, har koret snart sitt første store jubileum, og vi er i full gang med planlegging. Noko av programmet kan vi røpe: Vi har invitert alle dei «gamle» dirigentane til jubileumskonserten for at dei skal dirigere det beste vi har prestert gjennom åra. Vidare skal vi sjølv sagt ha eit nytt SkeiVass-repertoar. Konserten vert: hausten 1987 + 10 år = hausten 1997.

Følg med i annonsar og på oppslagstavler. Gå ikkje glipp av jubileumskonserten – og: Har du lyst å syngje i kor? Ja, då er SkeiVass-koret eit godt val!



## To dikt

Det stod ei kjerre  
bortslengd ved vegkanten.  
Selepinnar hadde gnura skjækene mest av.  
Sliten og stygg  
etter eit liv i mennesket si teneste  
– hadde ho rikta seg fram etter vegen  
med si last.  
Ein dag kom tida og flaug forbi henne på  
vegen.  
Sjølv vart ho ståande att  
bortgløymd ved vegkanten  
– til det kom ein skarve poet forbi  
såg henne,  
at også ho hadde hatt eit liv,  
og skreiv eit dikt om kjerra.  
Og folk las diktet og sa:  
Kva skal vi no med dette?  
Så no er vi to  
som står her og gror ned  
i bringebærriset ved vegkanten.

Slik prisar innlandspoeten  
skaparverket:  
Han set poteter  
i solvarm mold,  
føra til endes  
– før han roleg rettar rygg,  
snur seg,  
og ser sine henders gjerningar.  
Sidan ber han om lagleg ver  
for det som skal vekse  
– medan nordvesten jagar kvite haglelingar  
gjennom tynnkledde bjørkelier.  
Optimistisk drøymmer poeten  
at hausten kjem  
– på nytt grev han i jorda  
og finn gode ord  
som nypotet med tunt skal.

*Magne Bolset*



Rør og rørartiklar  
Sanitærearlegg og utstyr  
Varmearlegg med ved, flis og olje  
Pumpearlegg  
Kjøkkeninnreiing  
Baderomsmøblar

### JØLSTER RØR A/S

Aut. rørleggarmeister  
TROND AARDALSBASSE  
6850 SKEI I JØLSTER

TLF. 57 72 83 50 • MOBIL 94 50 82 97 • 94 50 87 25

## Snikkarverkstad til teneste.

Vi laga nytt eller resleie det gamle,  
både hus og møblar.  
Visst det ikkje er ubotelæ.  
Kan hende du blir forsuppa over ka vi får te.  
Vi hjelpe deg gjerne, da æ no førtrælæ  
å gå jærandslause!

**JØLSTER BYGG AS**

6840 VASSENDEN I JØLSTER • TLF. 57 72 74 15 • FAX 57 72 74 22



**SKEI** Hotel

*Sentralt i fylket og landsdelen*

## Meir enn 100 år i reiselivet si teneste

Vår tradisjonsrike familieverksemd følgjer med i tida og er i dag eit moderne og komfortabelt hotell med 150 senger fordelt på 78 gode romme med bad/dusj/WC/tlf. 3 nye hotellrom tilpassa rørslehemma (rullestol).

Her er store salongareal og matsal med plass for inntil 300 personar. Dans til levande musikk, bar, folkedansframсыning/folkemusikk kvar veke i sommarsesongen.

13 større og mindre, godt utstyrte møte- og kurslokale. Plenumssal med plass for inntil 250 personar.

Flott symjehall med sommartemperatur heile året. Aktivitetsrom, badstu, boblebad, tyrkisk dampbad og solarium.

Sommarsesong mai-september. Elles ope heile året for kurs, møte, konferansar og alle slags arrangement.

*Vi ynskjer velkommen til eit hyggeleg opphald!*  
**Familien Skrede**



6850 SKEI I JØLSTER  
TLF. 57 72 81 01 FAX 57 72 84 23



**Eikås Frisør**

v/EVA ÅRSET • TELEFON 57 72 75 88

Opningstider etter behov. Mandag stengt.  
AUT. HÅROLOG

## MAGNHILD HEGHEIMS VEVSTOVE

Åhus, 6840 Vassenden  
Tlf. 57 72 67 05

ÅKLE – LØPARAR – PUTER M.M.  
TEPPE ETTER MØNSTER AV  
NIKOLAI ASTRUP

**JØLSTRAHOLMEN**



6840 VASSENDEN - TLF. 57 72 71 35

*Jølstraholmen Senter A.s  
ynskjer alle God Jul og Godt Nyttår!*

Vi vil også i det nye året stå til teneste for dykk:

### DAGLEGVARER

Lange opningstider 10-20.  
Godt utval og låge Spar prisar.

### BENSINSTASJON

Hugs - hos Statoil får du poeng på alle varer.  
Ope 7-23 alle kvardagar, sundag 9-23.

### VEGKRO

Ope 20/3-1/10. Vi leverer catering heile året - god mat,  
rett heim til deg til alle anledningar.

### BILVERKSTAD

Vi reparerer alle typar bilar og traktorar.

VASKEHALL  
m/sjølvaskeanlegg

*Velkomen innom!*



Åhus • Tlf. 57 72 68 06



*Vi ynskjer alle  
kundane våre  
ei God Jul  
og  
eit Godt Nyttår.*

*Vi takkar for  
året som gjekk!*

**Floriade**  
HAGESENTER

Angedolveggen, Fårde. Tlf. 57 82 36 30



ENTREPRENØR

**Ivar A.  
Sunde**



6840 Vassenden

Telefon 57 72 72 96 • Mobil 94 55 27 72

*Utfører alt innan tre og betong*



*Godt utval i  
brød og kaker*

**LEFI** BAKERIDRIFT AS  
SOGNDALSKAKERIET AS  
LEFI BAKST AS



6840 Vassenden

Telefon 57 72 72 52

Fax 57 72 74 00

**Nær  
Butikken**  
ÅLHUS A/S • 57 72 68 88

**Jølster Antenneservice**

Årdal, 6850 Skei i Jølster • Tlf. 57 72 66 21

- ALT I LYD OG BILDE
- RIMELEGE PRISAR

**VASSENDEN SKYSSTASJON**

**- drosje -**

6840 Vassenden

Tlf. 57 72 71 92 • Mobil 94 56 71 60



**Malarskrinet Galleri  
og Rammeverkstad**

Bildekunstner **Sylvia Steinagard**  
Kunstmatriell, kurs, rådgjeving tlf. 57 72 74 58

**Firma Gunnar Hylderås**

Assortert landhandel

Medisinutsal

Kontaktmann V. Salslag for Jølster

Sandal • Telefon 57 72 66 56

**FOTO - VIDEO - UR**

**OPTIKK - GULL**

**SØLV - MUSIKK**

**ALF HELGHEIM & CO**

6850 SKEI I JØLSTER TLF. 57 72 83 11 • FAX. 57 72 83 11

FOTO - VIDEO - UR - OPTIKK - GULL - SØLV - MUSIKK



**årdalsbakke  
ELEKTRO AS**

STERKSTRAUM • SVAKSTRAUM • TELEINSTALLASJON

6850 Skei • Tlf. 57 72 81 35 • Mobil 94 71 19 11

FAX 57 72 85 95

# Jostein Sunde A/S

**Autorisert  
maskinentreprenør**

**6850 SKEI I JØLSTER  
Tlf. 57 72 83 32  
Mobil 94 55 85 47**



## Jølster Samyrkelag

Avd. 001 – Skei i Jølster – telefon 57 72 83 77  
Avd. 002 – Stardalen – telefon 57 72 89 29  
Avd. 003 – Årdal – telefon 57 72 66 44

## JØLSTER BIL

6850 SKEI I JØLSTER

Omtrekking av møblar?

Kontakt  
**Jølster Møbel- og interiørservice**  
Telefon 57 72 66 12



## SUR'MØKKLINJ?

*Kjøp «Jølstramålet»!  
Då vert du bè'flippa og fjåssinj.*

## UNN DEG EIN PAUSE

PÅ SKEI SERVICENTER

STOR KIOSK  
(bl.a. ferske brød)



VEGKRO



HYTTEUTLEIGE



OMSTIGNINGSPASS  
BUSS



OPPSTILLINGSPASS  
BUBILAR



STELLEROM

## SKEI SERVICENTER

BENSINSTASJON • VEGKRO • HYTTEUTLEIGE  
6850 SKEI • TLF. 57 72 82 34

LETT Å FINNE - LETT Å STOPPE!



DENNE  
KUPONGEN  
GIR DEG

# 1/2 PRIS

PÅ  
I DAGEN'S  
MIDDAG  
HOS

SKEI  
SERVICENTER



SPAREBANKEN

HJELPER DEG



# Treng du lån?

Då skal du kontakte Sparebanken Sogn og Fjordane. Du kan låne til hus, bil, båt, hytte eller kva du treng pengar til. Våre rådgjevarar hjelper deg med å finne eit lån du kan leve med.



**JØLSTER  
FOLKEBIBLIOTEK**

Tlf. 57 72 85 20

Opningstider:

Mandag.....10-15

Torsdag.....15-19

Fredag .....12-17

VELKOMMEN INNOM



m/solarium  
6850 Skei

*Skal du i selskap og vil gjere noko nytt?  
Ynskjer du å verte brun?  
Kom innom til ei koseleg stund med gode råd,  
solarium, ein kaffikopp og kanskje noko attått!!*

Ring eller kom innom tlf./fax 57 72 85 55

Gro & Sonja

Opningstider:

mandag  
stengt

tysdag  
9-16

onsdag  
9-18

torsdag  
9-16

fredag  
9-16

laurdag  
9-13

# Vår

Kjenner du vårsongen tonar i sinnet,  
løyser opp isen og kulden der inne?  
Kjenner du angen av vår uti rømda,  
snøen brånar av, og liv er i kjømda.

*Samuel Veitteberg*



*Frå Kjosnesfjorden.  
Foto: Astrid Myklebust*

**Kr. 40,-**